



Årsmelding og rekneskap 2016



Foto: Øyvind Mellemstrand

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkesson	2012–15
Nina H. Sleen	2016–



Årsmelding og rekneskap 2016



ÅRSMELDING 2016

Dagsorden årsmøte den 30. mars 2017.

1. Opning.
2. Val av ordstyrer og møtereferentar.
3. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
4. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
5. Årsmelding frå hovedstyret.
6. 1. Årsmelding frå gruppene.
6. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
7. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
8. Innkomne forslag.
9. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2017.
10. Fastsette kontingent for 2018.
11. Godkjenning av gruppestyra.
12. Valgkomiteen si innstilling.
13. Heidersmerker.
14. Avslutning.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



SAK 5.0 ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

1. STYRET 2016.

Leiar:	Nina H. Sleen
Nestleiar:	Torger Tvedten
Unge Aktive:	Lars Eik Breirem
Styremedlemmar:	Arve Havnerås Barbro Grov Øyvind Kyvik

Styret har hatt seks styremøter i perioden der gruppeformennene 2 gonger har vore invitert til eit utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte. Dette tiltaket har fungert godt, og frammøte frå dei ulike gruppene har vore svært bra. Hovudstyret har hatt fem styremøter berre for hovudstyret.

Det er også avhalde ei rekke særsmøter med leiarar for fleire av gruppene.

Leiar, Dagleg leiar i Hovedlaget og leiar av Driftsutvalet har hatt møter med Stord Idrettspark og Stord kommune for å betra dei daglege vilkåra for laga våre.

På årsmøtet i Stord Idrettslag i 2015, vart det vedteke å tre ut av Stord Idrettspark AS. Her eigde Stord Idrettslag 40%. Dette medførte at den andre eigaren, Stord kommune, konkluderte med det same.

Stord Idrettslag valte ei arbeidsgruppe som forutan hovudstyret hadde representantar frå fotball, handball, turn, friidrett og skeiser. Denne gruppa forhandla fram ein ny leigeavtale for idrettslaget for bruk av anlegga me treng.

Den nye leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedteke i kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år og omfattar alle anlegga på Vikahaugane, Langelandsbanen og Åsbanen. Stord Idrettslag betalar ei årleg leige på kr 1.200.000 for dette. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og heile helgane. Me har rett til

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



framleige i denne tida og disponerer inntektene dette gir. Vidare har me alle inntektene av reklamesal på anlegga.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald, og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber at Stord Idrettslag også skal gjera litt vedlikehald på anlegga. Avtalen inneholder også leige av om lag 20 timer trening i Nordbygdhallen.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Handball Elite, Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Svømming er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

For historia blir årsmeldingane for allianseidrettslaga inkludert i denne årsmelding under seksjon 6.2 Årsmeldinga under denne seksjonen vert handsama som ei orienteringssak.

I romjula fekk me den triste meldinga om Henning R. Iversen sin bortgang. Henning har gjennom ein mannsalder vore ein viktig bidragsytar for Stord IL. Han har gjort ein formidabel jobb med tanke på anleggsutvikling og sportsleg inn mot enkelt idrettar. Han har vore medlem av gruppestyre og leiar av hovedlaget.

Stord IL vil takka familien for at me fekk låna han og lyser fred over Henning sitt minne.

2. MEDLEMSTAL OG HOVEDOPPGÅVER.

Dagleg leiar har fortsett arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag, og arbeidet vil fortsetta for fullt i 2017. Dette vart ein større jobb en fyrst tenkt. Innkrevjing av medlemskontingent har vore Dagleg leiar sitt ansvar i 2016. Dette har fungert svært godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2.231 medlemmer pr. 31.12.2016, av desse er det 811 jenter og 672 gutter mellom 3 og 19 år. (2015: 805 og 759). Dette er ein liten nedgang i medlemmer og har si årsak i at me no føler me har fått god oversikt på medlemsmassen (ein del aktive har vore registrert i fleire grupper).

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge eit tilbod.

3. HØGDEPUNKT

Denne delen er delt i to avsnitt, der siste delen omhandlar allianseidrettslaga.

Handball

Handballgruppa har, etter at elitesatsinga vart skilt ut som eige lag i allianse, hatt ansvaret for alle under 16 år på herresida, samt alle på damesida. I serien er det påmeldt 57 lag. Damelaget i 2. divisjon enda på ein sterk 2. plass i serien 2016/2017 5.divisjonslaget enda på 7. plass.

Stord United er ein fantastisk gjeng som viser stor idrettsglede i alle sine kampar.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Handballfestivalen vart arrangert for 27. gong. Det vart igjen en suksess med 347 lag og rundt 4.000 deltakarar. Dette er det desidert største arrangementet i Stord Idrettslag. Arrangementet gjekk som vanleg knirkefritt under leiing av «Team Kjartan».

Hafocup:

En populær turnering for skuleklassar der ein spelar 10 min fotball og 10 min handball.

Mini-HAFO 1.-3 trinn

Barne-HAFO 4-7 trinn

Ungdoms-HAFO 8-10 trinn

Friidrett

Friidrettsgruppa har også i 2016 markert seg positivt i Stord Idrettslag.

Det sportslege høgdepunktet var gull ved Tom Erling Kårbo på 3000 meter hinder i NM. Han har også representert Stord IL, i senior EM i Amsterdam. Lars Lunde fekk bronse på 800 m, under innandørs-NM.

I aldersbestemte klassar har utøvarar frå Stord markert seg svært godt både i krets- og nasjonal samanheng.

Stordløpet vart arrangert for 39. gong i september 2016 med godt oppmøte. Bru- og Halvmaratonløpet har også ei fin stigning i deltakarar. Tour de Stord som var ein samanlagt konkurrans med 3 løp.

Stordleikane hadde i 2016 noko mindre deltaking i dei eldre klassane grunna arrangementskollisjon med andre stemner.

Turn

Gruppa har i 2016 auka tal på medlemmer, særleg blant dei yngste.

Gruppa har hatt deltakar på Senior-NM i året som har vore og vore representert på Guttelandslaget.

I 2016, som tidlegare år, var det halde Juleoppvisning før jul på Vikahaugane. Stor stemning og mykje folk i hallen.

Ski

Skigruppa arrangerte tre barneskirenn og to rankingrenn i 2016.

Det er gjennomført rulleskirenn i Prestegardsskogen, der eit av desse var eit kretsrenn.

Tysdagstrimmen er fortsett ein populært aktivitet.

Det vert jobba svært godt i barne- og ungdomsgruppa. Denne gjengen markerar seg godt i renn både i og utanfor fylket vårt.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Gruppa sine medlemmar har også i år delteke i ei rekke nasjonale og lokale renn : Birkebeinarrennet, Helterennet og Vasaloppet blant veteranane.

Løypemaskinen er i full drift, noko som gir ein svært god kvalitet på løypene. All løypekjøring føregår på dugnad og er til fri bruk for ålmenta.

Skeiser

Skeisegruppa markerar seg godt i det norske skeisemiljøet. Samanliknar ein personlege rekordar pr. 01.01.2016 og 01.01.2017 viser dette svært stor framgang for fleire løparar, og særskilt mellom dei yngre er det mange lovande løparar. Gledeleg er det også at me har fleire lovande jenter med i gruppa.

Gledeleg av året er at mange har tatt steget opp i Elitegruppa i 2016.

Mellan veteranane er det mange flotte resultat med blant anna 2 sølv og 2 bronse i Veteran NM

Volleyball

Damelaget enda på 4. plass i 2. divisjon i sesongen 2016/2017. Herrelaget spelte i 3 divisjon, og blei topp 3.

Det har vore god aktivitet på laga i dei yngre rekkjene.

To spelarar med bakgrunn frå Stord har vore tatt ut på juniorlandslag noko som er svært gledeleg og motiverande for andre aktørar i gruppa.

Av arrangement må nemnast Kværner Hobby Volley-turneringa som vert arrangert kvar vår og haust.

ALLIANSELAGA

Fotball

Stord Fotball sitt herrelag rykte ned til 3. divisjon. I NM tapte me i 1. runde mot Haugesund på Stord Stadion.

Eit ungt damelag vann i 4 div i 2016, på ein imponerande måte. Kun eitt tap, og det kom etter at ein hadde vunne serien.

J-15 vann den store Internasjonale turneringa DanaCup, i Danmark
Klubben har representert på regionalt og nasjonalt nivå.

Det har vore jobba godt og målretta i ungdomsavdelinga og barnefotballgruppa. I 2016 har Stord Fotball delteke med 53 lag i serien og tel ca 500 medlemmar. Dette gjer klubben til ein av dei største i Hordaland.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Viktige rekrutteringstilbod er Talentskulen, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Orientering

Det har også i år vore god deltaking på lokalløp og turorientering.
"Finn Fram-dagen" på Litlabø vart arrangert saman med Frisklivssentralen i Stord Kommune.
Arrangementet hadde god deltaking, og er viktige i rekrutteringa til orienteringssporten.

Sportsleg har allianselaget hevda seg svært godt i fleire konkuransar i år.

Kristtornløpet er det største lokale arrangementet i 2016.

Symjing

Symjarane i alle grupper har hatt fin sportsleg framgang i 2016. Me har hatt deltakarar på NM senior og junior. Vidare har fleire symjarar delteke på Bergen Swim Festival, Stavanger Open og i Nordsjøstemnet.

Symjeklubben arrangerte Svømmeskule i haustferien der det var ca 80 deltakarar

"Tryggivann 2016" samla 30 deltagarar i svømmeopplæring.

I Nordsjøstemnet hadde gruppa med 6 deltagarar, med svært gode resultat.

Handball Elite

Stord Handball Elite har ansvaret for Elitelaget (Herrer) i 1 div, eit 2. Divisjonslag,

Herrer Elite rykka ned frå toppdivisjonen etter at dei måtte seie opp trenar og 4 spelarar ved årskiftet 2015/2016. Dette pga den økonomiske situasjonen klubben hamna i. Styret i Handball Elite skal ha skryt for ryddig og god jobb.

Konsekvensen av denne økonomiske oppryddinga er at laget slit også i sesongen 2016/2017.
Ligg pt på nedrykksplass.

Saman med Handball Bredde skal det lagast ein strategi for satsing på eigne spelarar framover.

Alle grupper og allianselag:

Det er all grunn til å glede seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidrett. Det er her me skapar breidda som gjer at me seinare kan utvikla toppar i dei enkelte idrettane. I eit godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med det beste i landet.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Likevel skal hovudregelen i arbeidet vårt vera:

å skapa ei meiningsfylt fritid for alle på alle nivå.

4. ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyringa, og alle gjekk med overskot i 2016, med eit unntak: Skigruppa og Friidrettsgruppa. Skigruppa sitt underskot skuldast at dei er midt i sesongen ved årsskiftet, og friidrettsgruppa sitt underskot skuldast investering i treningsklede. Styret i Hovedlaget legg fram året sitt reknerekke som viser eit driftsresultat for 2016 med eit overskot på

kr 835 238

Total omsetning utgjer **kr. 9.172.400**

Desse tala omfattar ikkje dei fire gruppene som er gått ut som sjølvstendige idrettslag i alliansen.

Styret i Hovedlaget vil understreka at alle regnskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovedlaget inngjekk i 2016 ein avtale med Aktiva for føring av rekneskapsførar, noko som ein er nøgd med. Dette skjedde etter at Inge Bjelland valgte å avslutta sitt engasjement i Idrettslaget. Takk til Inge for god innsats gjennom mange år.

Budsjettdisiplin og styring, med fokus på auka inntekter, vil bli sentrale tema i tida som kjem. Interne rutinar i rekneskapsføring er i 2016 vorte mykje betre. Dette skuldast i hovudsak tett oppfølging av hovudlaget sin rekneskapsførar Aktiva og KPMG.

6. SAMFUNNSREKNESKAP

Styret i Hovedlaget utarbeida i 2003 for fyrste gang eit samfunnsregnskap for å synleggjera den innsatsen som idretten bidreg med i samband med å skapa ei meiningsfylt fritid og gode opplevingar for born og ungdom.

Styret har fortsett dette arbeidet sidan oppstartingen, og den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og ikkje minst dugnadsarbeidande medlemmar utgjer ein formidabel verdi i overkant av **70 MNOK**.

Styret har ved ei rekke høve presentert denne innsatsen ovanfor både politikarar, presse og sentrale delar av Norges Idrettsforbund. I budsjettdebatten i Stord kommune hausten 2015 fekk me gjennomslag for støtte til dagleg leiar på kr. 200 000. Dette gjeld også for 2017.

Desse tinga ser me på som ei utmerking frå Stord kommune for det arbeidet me legg ned.
Vidare vert det fortsatt jobba politisk for å få fri leige for overnatting på skular.

Det blir ei særskilt viktig oppgåve for både hovedstyret og gruppestyra, i eit samarbeid med Idrettsrådet, å få fram verdiskapinga me står for.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Me skal delta i utviklinga slik at me skaper eit levedyktig samfunn med gode oppvekstvilkår, og ei meiningsfylt fritid for oss alle.

Styret i hovedlaget vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg.

Stord IL, inngjekk i 2016 et samarbeid med Fosterhjemstjenesta og Barnevernet. Idrettslaget skal medvirke som en informasjonskanal til våre medlemmar for arbeidet desse einingane tilbyr.

7. ANLEGGSSUTVIKLING

I langtidsbudsjettet for Stord kommune er det sett av betydelege midlar til renovering av Stord Idrettspark. Hovudstyret med tidlegare leiar tok aktivt del i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet. Stord Idrettslag er svært spent på kva som kjem til å skje med Rackethallen. Dette er ein viktig arena for breddeaktiviteten i handballgruppa.

Fotballgruppa tok opp privat lån i 2015 for å få realisert garderobebygget og sekreteriathuset på Vikahaugane. Her er me i fortsatt dialog med Stord kommune for å få ei kommunal støtte til å redusera lånegjelda. Dette er eit rimeleg krav, all den tid skulane nyttar desse nye fasilitetane på dagtid gratis.

Skeisegruppa jobbar framleis med å få tak over skeisebanen. Det ligg føre eit prosjekt som er godkjent av departementet. Målet er å greia å få på plass ei finansiering i løpet av 2017.

Skigruppa har i 2016 fortsett arbeidet med å få fram planar for opprusting/ny veg til Heio, samt skissert nytt stadionanlegg på nedre Heio. Her har det blitt gjort litt med vegen opp mot Heio etter at kommunen fekk midlar frå staten.

Stord kommune må på banen når det gjeld vegen. Vidare er det vist betre veg frå eksisterande skistadion og fram til Lundseter kraftstasjon.

Idrettslaget med Fotballgruppa i spissen har behov for ein ny 7`ar-bane bak lagerskura på Stadion. Dette arbeidet vil få prioritet også i framtiden.

8. HEIMESIDER

Hovudstyret har i samarbeid med AREGO utvikla internettssider for Stord Idrettslag. Utfordringa er å oppdatera sidene slik at medlemmer og andre får informasjon om kva som skjer i laget. Her er det for stor skilnad mellom gruppene.

Dette vert eit arbeid dagleg leiar i laget skal jobba videre med.

For å følgja med i tida innen sosiale medier er Stord IL no aktive på Facebook. Her legg dagleg leiar, styret og medlemmer av gruppene ut link til artiklar, informasjon om cup, stemner, resultat osb.

9. TILLITSVALDE

Stord Idrettslag, på same måte som andre lag som driv sjølvvald arbeid, har ei utfordring i å rekruttera tillitsvalde til dei einskilde funksjonane i gruppene og i hovedlaget.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Det er eit sterkt ynskje å få fleire unge til å delta aktivt i styrearbeid og friidrettsgruppa er allereie i gong med dette arbeidet. Gruppa har i dag eit eige ungdomsstyre som skal ivareta dei yngste medlemmane sine interesser i gruppa. Hovudstyret oppmodar dei andre gruppene i laget til å prioritera etablering av slike ungdomsstyre.

Hovudlaget vil takke samtlege trenarar og oppmenn for den fantastiske jobben dei legg ned i løpet av året. Utan dykk ville ein ikkje klart å drive eit så stort og flott idrettslag!

10. ARBEIDSMILJØ

Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet blant dei tilsette i gruppene er godt. Det er likevel i periodar svært høg aktivitet, noko som kan føra til utfordrande belastningar for dei tilsette. Å jobbe i eit idrettslag er ein spesiell jobb. Det vert ofte forventa meir enn kva ein kan få til innan normal arbeidstid. Det kan også lett verta ein litt "einsam" jobb da kollegiale er lite. Hovudstyret oppfordrar alle som har tilsett om å vera oppmerksamme på det.

11. YTRE MILJØ

Hovedlaget sitt styre er ikkje kjend med at laget, i si verksemd, påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Ingen av laget sine aktivitetar medfører utslepp til jord eller luft. Hovedlaget vil likevel arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel til og frå trening og kampar.

Stord, 19.mars 2017

Nina H. Sleen

Nina H. Sleen

Torger M. Tvedten

Torger M. Tvedten

Arve Havnerås

Arve Havnerås

Barbro Grov

Barbro Grov

Øyvind Kyvik

Øyvind Kyvik

Lars Eik Breirem

Lars Eik Breirem



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



Sak 6.1 Årsmelding fra gruppene.

Sak 6.1.1 Håndballgruppa

Sak 6.1.2 Friidrettsgruppa

Sak 6.1.3 Turngruppa

Sak 6.1.4 Skigruppa

Sak 6.1.5 Skeisegruppa

Sak 6.1.6 Volleyballgruppa

Sak 6.1.7 Idrettsmerket

Sak 6.2 Årsmelding fra allianseidrettslag.

Sak 6.2.1 Stord Fotball

Sak 6.2.2 Stord Orientering

Sak 6.2.3 Stord Svømming

Sak 6.2.4 Stord Handball Elite

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2016

Styret 2016

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Irene Røyrvik Loftheim
- Sport: Marte Wirum
- Utstyrssvarleg: Tonje Aamot Haga
- Medlemsansvarleg: Einar Balle
- Arrangementsansvarleg: Monica Litlabø

Styret har hatt jamlege styremøter i 2016. Det har òg vore ei rekke oppmannsmøter for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Samarbeid mellom Stord Handball og Stord Elite

Me har i 2016 fortsett det gode samarbeidet med Stord Elite. Klubbane har jobba tett saman og tatt ut synergier i form av arbeidsoppgåver og ressursbruk. Me har nytta spelarar frå Stord Elite som trenarar for våre yngre lag med stor suksess. Dette ser me som eit viktig ledd i strategien om å knyta klubbane tettare saman i utviklinga av våre ungdommar. Sponsoratlar, økonomi og gjennomføring av Handballfestivalen er og område som har vore sentrale i dette samarbeidet.

Økonomi

Regnskap ligg vedlagt. 2016 syner at gruppa ber preg av sunn drift. Handballfestivalen var, som tidlegare år, gruppa si største inntektskjelde. I 2016 sette me ei grense på antal lag (350), noko som gav oss ein naturleg reduksjon i resultatet.

Medlemstal

I serien har me delteke med 57 lag og me stilte også med lag i senior-NM for damer.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter / Damer	255 (211)	79 (64)	71 (60)	405 (335)
Gutar / Menn	110 (110)	33 (33)	40 (41)	183 (184)
Sum	365 (321)	112 (97)	111 (101)	588 (519)

(Tal i parentes er for 2015)

Handballskule

Tradisjonen tru vart det gjennomført Handballskule i regi av Stord Elite i vinter- og haustferie. Dette var Gjensidigestiftelsens sin siste handballskule, men heldigvis har NHF Region Vest bestemt seg for å ta dette vidare i eigen regi. Desse skulane var som alltid ein suksess med god deltaking, mellom 70-90 born, som saman med Elitelaget sine spelarar hadde tre flotte dagar på Vikahaugane i begge skuleferiane. Desse handballskulane er ein ideell arena for born og unge som ynskjer å vera aktive gjennom haust- og vinterferie og samstundes få inspirasjon fra seniorspelarar. Instruktørar på skulane var spelarar frå Stord Elite, samt nokre frå ungdomsavdelinga.

Morgontrening

Klubben har hatt tilbod om morgontrening for 11-, 12-, 13- og 14-åringane fordelt på to grupper gjennom heile året. Våren 2016 var den yngste gruppa sett saman av jenter og gutar fødde i 2003 og 2004. Desse gruppene har blitt sett saman med litt variasjon på kjønn og alder og har hatt eit oppmøte frå 20 til 25 spelarar. Etter sumaren har gruppa vore sett saman av spelarar fødde i 2004 og 2005. Treningane har vore i Nordbygdochallen tysdags morgen frå kl. 06.45 til kl. 07.45.



Morgontrening for dei yngste i Nordbygdochallen

Teknisk basis dannar grunnlaget for treningane, og det er tilnærmedingsvis kun fokus på individuelle teknikkar for kast og mottak, skot og fintar i ulike fasar av spelet. Det har òg vore noko fokus på personleg forsvarsteknikk. Taktiske vurderingar og samhandling vert øva inn i små grupper på 2-3 spelarar. Framgangen på spelarane er godt synlege over tid, og me ser at dette er eit godt tiltak for å inspirera spelarar til vidare eigentrening – og for å inspirera andre i eiga treningsgruppe og eige lag. Me har òg fått tilbakemeldingar frå lærarar om at dei er positive til "morgenfuglane" i skulesamanheng. Gruppa har vore kyndig leia av Ørnulf Botnen.

På våren hadde me tilbod om ei "open trening" for 12-, 13- og 14-åringane torsdag ettermiddag. Økta var lagt opp med fokus på basisferdigheter og vart leia av Jonas Sjölin. Om lag 15 jenter og gutar møtte til desse øktene.



Morgontrening for dei eldste

13- og 14-åringane har hatt eit tilbod om morgontrening på torsdagane på Vikhaugane med Jonas Sjölin som ansvarleg. Denne har som dei to andre gruppene hatt basisferdigheter som kast/mottak, fintar og liknande som hovudinhald. Gruppa har vore prega av stabilt oppmøte på om lag 15-20 spelarar med solid overvekt av jenter. Me ser òg her framgang på spelarane, og det vert rapportert om motiverte spelarar som vil læra noko.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Handballfestivalen

Handballfestivalen 2016 vart avvikla 13. - 16. mai, og det var knytt ein del spenning til korleis 17. mai ville slå ut på påmeldinga. Det viste seg at det ikkje var grunn til bekymring. Nokre fleire lag såg ut til å reise heim litt tidlegare enn vanleg på måndagen, utan at dette hadde stor betydning for oss..



Det er alltid fantastisk stemning under opninga på torget

347 lag spelte totalt 996 kampar fordelt på fire dagar. Me nyttar banar på Vikahaugane, samt Nordbygdohallen og til ein viss grad kunstgraset i Prestagardskogen. Det fungerte svært bra, sjølv om det vart litt transport for ein del av spelarane. Om lag 4.200 spelarar og 500 lagleiarar var med på årets festival, og me innkvarterte om lag 3.200 personar. Takk til Stord Kommune som lot Stord Ungdomsskule (frå 1964) stå til etter Handballfestivalen var ferdig før den vart riven, slik at me fekk nytt den til innkvartering og husa svært mange av deltakarane.



Ein dugnadsgjeng i gang med å klargjere ungdomsskulen for overnatting

Handballfestivalen hadde alder vore det same utan medlemmane og alle andre som er med og jobbar dugnad! Stord Handball står i lag med Stord Elite som arrangør, og medlemmer og friviljuge i klubbanne utfører over 8.000 timer dugnad i samband med festivalen. I tillegg leiger me hjelp frå ti andre lag og organisasjoner som tek vakter på skulane, eit samarbeid som òg fungerar utruleg bra!

HAFO

HAFO-cupen er fortsatt i vinden blant skuleungdommane i Stord og Fitjar kommune. MiniHAFO (for 1.-3. trinn) viste seg nok ein gong å vera særstak populært blant våre minste. Drygt 200 barn fordelt på 32 lag syntre idrettsglede på høgt nivå i hallane våre, og me fekk rekruttert nye handballspelarar etter denne turneringa.



Herleg aktivitet i MiniHAFO!

Same helga i september arrangerte me BarneHAFO (for 4.-7. trinn), kor om lag 500 barn på 49 lag frå 4.-7.klasse deltok. Rommetveit Skule vart beste skule og elevrådet fekk premiesjekken på 5.000 kroner som synleg bevis på sigeren. UngdomsHAFO (for ungdomsskulen) vart arrangert i april med 16 deltagande lag.

Eksterne turneringar

Ei rekke av dei yngre laga våre reiste til Stavanger på Kongeparken Cup i april. Denne cupen har blitt særstak populær for våre lag frå J/G10 og opp til J/G13.



J2004-1 og J2004-2 i Kongeparken Cup i Stavanger

J2002 var i Kristiansand og spela Dyreparken Cup. Me har òg lag som har vore utanfor landets grensar; G2000 var i Barcelona og spela Granollers Cup og J1999/2000 var i Uddevalla og spela Juni Cup.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



J2002 i Dyreparken Cup i Kristiansand

Sportsleg: Minihåndball

Klubben har til saman 23 lag påmeldt i Minihandball (J/G 7-9) i sesongen 2016/17. Me fekk starta opp nye spelargrupper for 1. klassingane både på jente- og gutesida, og ser at tilveksten blant dei yngste fortsatt er god. Me har jobba vidare med å utdanna trenarane for dei yngste gjennom Handballforbundet sitt trenarutviklingsprogram. Dette vert teke godt i mot, men me ser at det er utfordrande for våre trenrarar å finna tid til å delta på desse tilboda. Gutelaga har delteke på miniturneringar i Bergen grunna manglende speletilbod i regionen, medan jentene har spela i Sunnhordlands-regionen.



Minihandballen engasjerer både spelarar, trenrarar og foreldre ☺

MiniHAFO er ein god arena for rekruttering av dei yngste, men me ser at me er særskilt avhengige av at me har foreldre som kan ta på seg trenaransvar allereie frå starten for å få sett i gong gruppene skikkeleg.

Sportsleg: Ungdom

Klubben har byrja på arbeidet med å få forankre eit sportsleg fundament og ein sportsleg plan for ungdomsavdelinga. Det har vore gjort mye godt arbeid med dette, og me ser fram til å kunne implementere dette ned i laga til neste sesong. Me har hatt rett i underkant av 30 påmeldte lag i seriespelet frå 10- til 18-årsklassen, kor hovudtyngda ligg på jentesida opp til 12 år. Me er heldige som har flinke og engasjerte foreldre som verkeleg tar tak i både trenar- og oppmannsrollane i dei ulike laga. Samstundes ser me eit stadig aukande behov for eksterne trenarkrefter lengre ned i årsklassane. Det å kunne balansere foreldretrenarar og eksterne trenarar vert ei viktig oppgåve framover.



Stord – Fyllingen i J12-kamp på Vikahaugane (Foto: Arnt Haugum, Fyllingen)

Me har hatt ein god plan på overgangen frå ungdomshandball til seniorhandball på jentesida. Dametrenar Bjarte Straume Epland har saman med rekruttrenar Tor Christian Sæbø og J16-trenar Simon Pilgaard fått på plass ein modell kor jentene har fått prøva seg oppover i systemet. Det er viktig å ha ein god plan på korleis 16-åringane skal bli matcha opp mot seniornivå – noko me synest me har fått til denne sesongen. Fleire J16-spelarar har fått sin debut i 2. divisjon i løpet av sesongen og klart dette veldig bra.

Klubben har hatt spelarar med på diverse sone-, regions-, lands- og bylagssamlingar: J02: Ein med i spissa gruppe. G02: Tre med i spissa gruppe. J01: Ein spelar med på regional bylagsturnering. J00: To spelarar på regional landslagssamling. G99/98: To med på regional landslagssamling. I tillegg har klubben hatt med rundt 10 spelarar på RUM-samlingar for J99/00.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Sportsleg: Damelaget

Etter ein sterk start og avslutting på sesongen 2015/2016 enda damelaget i 2. divisjon på ein akseptabel 5. plass. Stord 2 rykka diverre ned i 5. divisjon. Medan det før årets sesong var store utskiftingar i treningsgruppa fortsette Bjarte Straume Epland å trene damelaget for tredje året på rad. Med omlegging i seriesystemet der seks 2. divisjonspuljer har vorte til fire, var det knytt ekstra spenning til den pågående sesongen. I skrivande stund ligg damelaget på 2. plass i 2. divisjon.



Damelaget sesongen 2016/2017

Nytt for sesongen 2016/2017 er at klubben oppretta ei rekruttgruppe som er ei blanding av unge spelarar som vil bli best moglege, samt spelarar som likar å spele handball, men trenar mindre. Jentene i denne gruppa vert trent av Tor Christian Sæbø, Simon Pilgaard og Tore Hammer og har sitt kamptilbod i J16-serie og Stord 2 i 5.divisjon. I skrivande stund ligg Stord 2 på 8. plass i 5. divisjon. Fleire av jentene i rekruttgruppa har debutert i 2. divisjon og Andrea Hammer Aadland og Oda Kyvik Skard har i løpet av årets sesong delteke på regional landslagssamling.

Som dei to førre sesongane har me i løpet av sesongen hatt eit tett og godt samarbeid med Tysnes IL og Kvinnherad HK. Fleire spelarar frå samarbeidsklubbane trenar og spelar for seniorlaga våre.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Sportsleg: Stord United (Gullserien)

I 2016 har Stord United vore på Landsturneringen i Stavanger. Her spelte dei fire kampar, som enda med to sigrar og to tap – og som vanlig sjarmerte gjengen dei fleste rundt seg.



Stord United sprer alltid glede rundt seg ☺

I 2016 har Stord United hatt nokre gode kamper og fått vist seg frå si beste side. Dette er eit lag som viser mye glede, innsats, latter og fair play både på og utanfor banen!

Trenarkurs

Me har sesongen gjennom oppmoda trenarane våre til å gjennomføra trenarkurs. Klubben har som ståande målsetning å få så mange trenrarar og lagleiarar som mogleg til å ta Trenar 1 frå Handballforbundet. Me ser at dette er tidkrevjande, og har ikkje fått så mange som ynskjeleg til å ta kurset. Me kjem til å setja enda meir fokus på dette til neste år, og håpar å kunne heva kompetansen på våre, frå før av, dyktige trenrarar. Det gledelege er at Ørnulf Botnen har gjennomført Trenar 2-utdanninga i år!

Kick Off

Sportsleg leiing arrangerte kick-off for trenrarar og lagleiarar i februar og september. Dette er gode samlingar med ulik agenda frå gong til gong, men alltid eit fora kor trenrarar kan utveksla idear og meininger om stort og smått i treningskvardagen.



Engasjerte trenrarar og lagleiarar på Kick Off

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Dommarar

Franny Bøthner har vore dommeransvarleg i klubben i 2016. I haust var me vertskap for eit kurs frå Region Vest kring dei nye handballreglane. Her deltok dommarar frå Sunnhordlandsregionen. Klubben har hatt tre aktive dommarar som har dømt årsklassar frå J/G10 til J/G12, og ein som har dømt opp til 3.divisjon. I tillegg har me elleve nyutdanna barnekampleiarar frå kursing våren 2016 som har dømt minihandballkampar (frå J/G6 til J/G9).



Frå tidlegare dommarkurs i Gamlehallen leia av Trond Arnevik


Våren 2017 vil me arrangera nytt barnekampleiar-kurs og målet er at alle i klubben som fyller 15 år og 16 år i løpet av 2017 deltek her. Desse vil då kunne bidra med dømming under Handballfestivalen i pinsen. Målet for neste sesong er å få fleire av våre barnekampleiarar til å dømme på eit høgare alderstrinn (J/G12). Framleis er utfordringa framover å utvikla dei vidare slik at dei tek steget opp til å dømme 13- og 14-årsklassane.

Ny driftsmodell Stord Idrettspark

Frå 1. januar vart anlegget på Vikahaugane lagt under ny driftsform. Stord Idrettslag har no ein leigeavtale med Stord Kommune på heile anlegget på ettermiddagstid og i helgane. Med denne ordninga, vart og Bjørn Lindgård tilsett som dagleg leiar i Stord IL. Bjørn har vore ei uvurderleg ressurs for handballen som administrativ hjelpe på Vikahaugane. Oscar Kihlstedt bidrog med administrativ hjelpe før sommaren, og då han reiste har me fått god hjelpe av Bjørn med desse oppgåvene.

SPING

Vår trufaste samarbeidspartner Sparebanken Vest lanserte si digitale betalingsløysing «SPING» under Handballfestivalen i pinsen. Me har teke tenesta i bruk på alle våre arrangement, og ser at SPING får stadig fleire brukarar. Dette gjer at me slepp å ta i bruk betalingsterminalar.



Utstyrssrom

Trenarane våre har i lengre tid etterspurt diverse utstyr til bruk i treninga. I 2016 tok me tak i dette og investerte i ein god del treningsutstyr som me oppbevarer i eige utstyrssrom på Vikahaugane. Rommet vert endeleg klart til bruk i 2017.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Ny avtale med Sport1 og Hummel

Stord Handball fornya avtalen med Hummel og Sport1 som klubben sine utstyrleverandørar i fire nye år. Me har utarbeida ein Klubbfolder og fornya klubbkolleksjonen, og vil jobba aktivt for å møta etterspurnaden etter Hummel-produkt frå våre medlemmar.



Minibuss

Hausten 2016 tok me kontakt med Stord Trafikk og fekk på plass ein samarbeidsavtale om utdanning av minibussjåførar. Stadig fleire lag tek i bruk lånte minibussar for å reisa til Bergen på kamp, og klubben ønska difor å gje sine medlemmar og deira føresette eit gunstig tilbod på minibuss-sertifikatet, samt sjå på moglegheita for å kjøpe inn eigen minibuss til Stord Handball. Åtte medlemmar og føresette fekk lappen før jul, medan dei fire siste planlegg oppkjøring på nyåret. Stord Trafikk kjem i samband med avtalen til å halde foredrag om trafikktryggleik for våre medlemmar og føresette neste år.

Sosialt Utval

Klubben fekk på plass eit "Sosialt Utval" dette året. Dette er eit utval som skal ta hand om eventuelle problemstillinger og situasjoner som har eit ikkje-sportsleg utgangspunkt. Første oppgåve for utvalet vart å gjennomføre prosessen med å gjera Stord Handball til ein "Se & Bli Sett"-klubb i regi av avhaldsorganisasjonen "Av og Til".

**IDRETTEN –
EN ALKOHOLFRI
SONE**

SE & BLI SETT

AV·OG·TIL*
UTEN ALKOHOL

Gjennom denne prosessen fekk klubben diskutert haldningar og retningslinjer kring alkohol i samband med turar og sosiale tilstellingar for laga våre. Me fekk på plass retningslinjer som me vart einige om, og som no er klubben si offisielle haldning til alkohol og rusmidlar. Klubben er i tillegg MOT-klubb, og vil fortsetje å jobba aktivt for å kunne ta vare på våre born og unge og utanføre banen. Sosialt Utval vert leia av Ellen Salomonsen som har med seg Ingebjørg Aaland, Sigbjørn Almås og Tor Christian Sæbø.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Julebord / Årsfest

I samarbeid med Stord Elite arrangerte me julebord 17. desember. Tanken bak arrangementet er å knyta trenrarar, lagleiarar og øvrige eldsjeler i dei to klubbane tettare saman. I ein travel handballkvardag er det viktig at ein tek seg tid til å bli kjende med kvarandre – spesielt dei som ikkje har naturleg samarbeid i det daglege. 78 medlemmar koste seg på julebord i Gamlehallen på Vikahaugane, som var flott dressa i julepynt av festkomiteen. Det vart gjennomført eit imponerande loddsal denne kvelden, kor overskuddet går til Stord United og deira tur til Landsturneringa neste år. I 2017 planlegg komiteen årsfest i staden for julebord. Komiteen har bestått av Franny Bøthner, Anett Stokken, Sigurd Sævareid og André Skjønberg.

Vegen vidare

Stord Handball kjem neste år til å leggje ned mykje arbeid i ein strategiplan for klubben. Etter ein sesong kor ein ser at damelaget ikkje er langt unna å kunne kvalifisera seg for spel i 1. divisjon, er det tydeleg at tida er inne for å konkret sjå kor ein vil at klubben skal vera. Eit slikt arbeid skal enda ut med ein femårsplan med klare målsetjingar, saman med heilt konkrete verkemidlar for å nå måla. Styret ser dette som eit heil naudsynt arbeid for å kunne driva klubben vidare på forsvarleg måte. Stord Handball skal balansera jobben med å driva fram talent og utvikla gode lag som skal hevda seg i toppen, samstundes som me skal gje eit godt tilbod til alle som vil vera med oss og kasta ball. Me skal ha eit tilbod til alle – alltid. Parallelt med den sportslege utviklinga, skal me som klubb ta ansvar for å utvikle oss og våre medlemmar og på det sosiale planet. Vårt samarbeid med MOT, Av og Til og Stord Trafikk for å nemne nokon, er døme på at me opererer på fleire plan i jobben med å gje ungane våre så gode oppvekstvilkår som mogleg.

Styret i Stord Handball
Stord, 20.02.2017,

Aksel Sæther

Irene R. Loftheim

Einar Balle

Monica Litlabø

T. Aa. Haga
Tonje Aa. Haga

Marte Wirum





SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

ÅRSMELDING 2016

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2016 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Sekretær	Elisabeth Kjærland
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem-arrangement	Reidar Nesse
Styremedlem	Mette Steenstrup
Ungdomskontakt	Tuva Skulstad

Det har i 2016 vore halde 8 styremøte.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr. 31.12.2016 totalt: 104 medlemmer (2015=101) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>> 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	20	10	8	38
Menn	19	9	38	66
SUM	39	19	46	104

Medlemstalet for friidrettsgruppa har stabilt og for 2016 er det no 104 medlemmer, i 2015 var me 101 personar. Det er viktig å prova og få born og ungdommar til å driva med friidrett lengre, og difor har me ei stor utfordring for å gjera friidrett meir attraktivt og kjent for denne aldersgruppa. Det er positivt at me framleis har god oppslutning på treningane for dei yngre. For 2017 vil friidretten starta eit nytt prosjekt kalla Athletix, som er initiert av forbundet og kor målet er å få fleire ungdommar i aldersgruppe 14-19 år til å driva organisert trening, men der konkurransen aspektet er tona ned.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2016. I 2016 hadde klubben 1 person som kom i gang med opplæring for å verte startar. Våren 2016 holdt klubben ein dommarkurs med instruktør frå Bergen og frå våre eigne rekker var det 6 personar som deltok. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod for dei ulike årsgruppene. I 2016 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar som kan tilby hjelpe i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



SEKTOR ØKONOMI

Året 2016 har gitt eit negativt resultat på knappe 11000,- kroner og det skuldast blant anna at gruppa har gjort eit innkjøp på felles treningsklede. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser att i balansen. Med den aktiviteten som gruppa har no, er det viktig at gruppa ser på nye forhold til å skaffe seg inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing med ein sunn økonomi. På sikt er det eit potensiale på å hente inntekter i Tour de Stord og andre mosjonsarrangement. Driftsutgiftene for 2016 har vore på 530000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2016 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	06.02.2016
Parkløpet	02.04.2016
Tour de Stord/Stord Rett Opp	20.-21.05.2016
Fredsstafetten	04.05.2016
TINE-stafetten	10.05.2016
Bruløpet	08.06.2016
Stordleikane	12.-14.08.2016
Stordløpet	04.09.2016

I tillegg har me arrangert seriestemne påbane og fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart arrangert i august med litt mindre deltaking i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det skyldast kollisjon med andre større stemner.

Stordløpet gjekk av stabelen for 39.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit mykje større potensiale. Tour de Stord, som er ein samanlagt konkurranse med 3 løp, vart vidareført i år og gjekk over 2 dagar i mai månad..

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjoner å sjå tilbake på i 2016. Klubben har vore representert på følgjande internasjonale mesterskap og landskamper: innandørslandskamp Växjö, EM i Amsterdam, nordisk mesterskap terrengløp i Kristiansand og EM terrengløp i Chia i Italia.

I senior NM på Askøy fekk klubben gull ved Tom Erling Kårbo på 3000m hinder. På innandørs-NM i Bærum sprang Lars Lunde inn til bronse på 800m.

Senior/Junior

I NM innandørs i Bærum 5.-6.3 2016 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat:



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Lars Lunde (19)	1500m	Nr. 7	4,05,43
	800m	Nr. 3	1,57,98
Tom Erling Kårbo (27)	3000m	Nr. 4	8,19,69

I senior-NM på Askøy 29.-31.7 2016 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo (27)	3000m hinder	Nr. 1	8,57,88
Tom Erling Kårbo (27)	5000m	Nr.6	14,33,74
Lars Lunde (19)	1500m	Nr. 10h	4,00,95
Lars Lunde (19)	3000m hinder	Nr. 5	9,59,34
Pernilla Eugenie Epland (26)	5000m	Nr. 11	17,52,29

I Junior-NM på Brandbu 5.-7.8 2016 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plassering:

Lars Lunde (19)	5000m	Nr. 7	15,18,51
Tone Sandtorv Brakedal (17)	Lengde	Nr. 9	5,15m
	100m	Nr. 5h	13,18

I NM terrengløp, korte løyper, i Stavanger 9.4.2016 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

MS	3 km	4. Tom Erling Kårbo
G-16	2 km	9. Arne Jordåen

I NM terrengløp, lange løyper, i Rindal 9.10.2016 oppnådde Stord sin utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

KS	6km	7. Pernilla Eugenie Epland
MJ	6 km	5. Lars Lunde
G-16	4 km	8. Ole Christian Kvellestad

I Holmenkollstafetten 7.mai i Oslo sprang laget i klasse menn elite og kom inn til 21.plass med tida 57,53 min og det gav nedrykk til klasse 2 i 2017.

Følgjande vann krinsmeisterskap utandørs 2016

Jacob Hystad (26)	1500m
Sondre Egeli Øvrebø (23)	Diskos

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Tom Erling Kårbø representerte Noreg i den nordiske innandørslandskampen i Växjö 13.02.2016 på 1500m der han sprang inn til 3.plass med 3,50,10.

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i EM i Amsterdam 6.-10.7.2016 på 3000m hinder, der han sprang til tida 8,42,71 og 10.plass i forsøket.

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i nordisk meisterskap i terrengløp i Kristiansand 12.11.2016 og han sprang inn til 8.plass på den 9 km lange løypa.

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i Europameisterskapet i terrengløp i Chia, Italia 11.12.2016. Han sprang inn til 35.plass på den 10 km lange løypa og vart med det 3.dje beste norske løpar.

I den landsdekkjande serien for kvinner var Stord representert i 3.divisjon og fekk poengsummen 7790 (14 res) (2015= 8226poeng (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 7 i 2.divisjon, med poengsummen 16585 (24 res) (2015=20153 poeng(30 res)) og held seg i divisjonen.

Veteraner:

I veteran-NM 5-kamp 11.6.2016 på Gjesdal

Oddvar Hårde (69) MV 45-49 5-kamp Nr. 1 2809 poeng

I krinsserien vart herrelaget nr 2. i 2 divisjon med 7268 poeng på 14 resultat (2015= 8382 (15)).

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM i Steinkjerhallen 26.-28.2 2016 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Tone Sandtorv Brakedal (17)	60m	Nr. 8	8,22
	60m hekk	Nr. 2	9,16
	Lengde	Nr. 5	5,05

I Ungdoms-NM i Sandnes 2.-4.9 2016 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Ole Christer Kvellestad (16)	800m	Nr. 9	2,08,84
Arne Jordåen (16)	800m	Nr. 11	2,16,37
Tone Sandtorv Brakedal (17)	100m	Nr. 6	12,87 (12,73 h)
	100m hekk	Nr. 6	15,12 (14,87 h)

Følgjande vann krinsmeisterskap i 2016:

Julian Skimmeland Aasheim (13) 60m, lengde, høgde

Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 3.plass i 1.divisjonen med poengsummen 32545 poeng på 40 resultat (2015= 32555 (40 res)) og held dermed plassen i 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 2.plass i 1.divisjonen med poengsummen 41848 på 50 resultat (2015= 49024 poeng (60 res)) og rykker opp til elitedivisjonen i 2017.

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Marthe Johanne T. Mehus, Tuva Skulstad, Vegard Havn, Arne Jordåen, Nils Hetlefåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Ulf Bloch, Nils Hetlefåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt

Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Beste jente"	Tone Sandtorv Brakedal
"Mest allsidige gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Mest allsidige jente"	Tone Sandtorv Brakedal

Gullmerket (over 1000 poeng) vart utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat:

Julian Skimmeland Aasheim (13) for 28,34 på 200m hekk, Lars Lunde (19) 15,04,51, Tone Sandtorv Brakedal (17) for 14,87 på 100m hekk, Mathilde Alfarnes Amundsen (10) for 7,20 i kula.

Lagsrekordar

Tone Sandtorv Brakedal	100m	13,01
	100m	12,79
	100m	12,76
	100m	12,68
	Lengde	5,26m

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Pernilla Eugenie Epland 5000m 17,48,04
Tom Erling Kårbø 3000m hinder 8,35,84

SAMANDRAG:

Stord Friidrett er i farta året rundt. Vi har aktivitetar som skaper engasjement og idrettsglede gjennom hurtige stafettar gjennom Leirvik Sentrum. Til jubel og glede med Tine- og Fredstafett rundt Stord stadion i midten av mai. Opp mot 800 skuleelevar kjem til Stord for å måle krefter i sunn kappestrid. Dette er vår sjarmør-etappe som gir oss sjansen til å rekrutttere nye og unge lovande ungdommar til å begynne med friidrett. Vi vil gjerne trekkje til oss fleire. Men da er det viktig å tilby eit godt miljø og stille opp med gode trenarkrefter. Det har vi.

Tom Erling Kårbø er framleis vår beste friidrettsambassadør. Etter mange år i USA og på skule i Stavanger har den sindige bømlingen frå Langevåg bestemt seg for å satse mot i VM i London 2017 med adresse Stord. Gjennom hardt arbeid gjennom mange år har Tom Erling stått fram og sett Stord på kartet. Slik som han på ny gjorde då han berre var små sekundar frå å nå EM-finalen i Amsterdam på 3000 meter hinder i juli 2016. Med treningsleir i Sør Afrika og med knallhard oppkøyring saman med blant brødrene Henrik og Filip Ingebrigtsen håper vi Tom Erling når sitt store mål i august. London her we come!! Vi håper at alle i lokalmiljøet vårt skjønner at dette er ein stor idrettsprestasjon som kan gi den lokale friidretten eit nytt løft til å skape ny entusiasme til å vokse inn i framtida på.

Pernilla Epland har kome inn som eit friskt pust i klubben vår. Tysnes-jenta kan bli ein ny milslukar på nasjonalt nivå. Fitjar-jenta Tone Sandtorv Brakedal har stor fart og god sprint i beina. Vi håper på ei ny jentebølgje i 2017. Med Tone og Pernilla i spissen håper vi på at nye jenter vil bli tent på løping i åra framover.

Ein av våre store utfordringar er å ta vare på anlegget vårt oppe på Vikahaugane. I haust blei kastburet tatt av vinden. Stormen og vindkasta gjorde stor skade og våre kastarar blei møtt med eit trist syn. Men då det såg som mørkast ut var ikkje hjelpa langt unna. Den tidlegare forsvarskjempa i Stord fotball Bjørn Are Njøs tok saken. Med dyktige sveisarar ute på Seglneset var buret vårt fiksa i løpet av kort tid. Godt naboskap set vi stor pris på. Vi fekk og ein gladmelding like før jul då Sparebank 1 Stiftinga Kvinnherad tildelte oss 80.000 kr til innkjøp av ny stavmatte. Med ny matte og nytt utstyr håper vi det kan dukke opp nye stavhoppar som kan føre stolte tradisjonar vidare.

Næringslivet lokalt har slitt tungt i 2016. Med mangel på arbeid og tunge permiteringar . Difor set vi stor pris på våre trufaste samarbeidspartnerar, som stiller opp og blir med vidare, og gjer oss i stand til å ta vare på lange og gode tradisjonar som Stord-leikene og nyskapningar som Tour-de Stord. Vi skal gjere vårt ytterste for å skape gode arrangement både for topp og breidd. Til slutt vil eg takke både styret som står på året rundt, og som løyser både store og små oppgåver med stil og med smil, og stor takk til våre trenar som tar godt vare på våre utøvarar gjennom ein lang sesong. Vi må heller ikkje gløyme våre trufaste og gode funksjonærar som får stemne våre trygt i hamn.

Runar Øvrebø
Styreleiar, Stord Friidrett



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

ÅRSMELDING 2016

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2016

Leiar: Kjartan Grov

Nestleiar: Aslaug Grov Almås

Kasserar: Merete Taraldsøy

Skrivar: Guro Lund

Medlem: Bjørn Tømmervik, Tora Haslum Myklebust og Jon Eirik Kvalnes.

Ungdomsrepresentant: Nina Aalvik

Vara: Sigfred Framnes

Styret har hatt 8 styremøte i 2016.

INNLEIING

Nok eit godt år er over for Stord IL Turngruppa. Gruppa har i 2016 auka tal på medlemmer og me kjenner kanskje litt på "voksesmerter". Me har ein jobb å gjera for å halda på alle dei gode tilboda me har. Det er viktig å jobba med trenarar og medlemstilbod slik at me utviklar oss rett veg. Styret, i lag med trenarane, har jobba ein del med dette i året som har gått – men me har framleis litt å gå på.

I 2016 tok me i bruk Norges Gymnastikk og turnforbund sitt medlemsregistersystem, Mysoft. Dette har kravd mykje arbeid frå styret (ved Bjørn) men i samarbeid med forbundet har me no fått eit svært bra medlemsregistersystem som kommuniserer med Stord IL sitt system utan at me treng å gjera noko for at dei skal få listene. Arbeid med medlemsregister har også gjort at inntektene som gjeld treningsavgift har auka betydeleg i 2016. Dette har også noko med at me no har kravd inn for heile sesongen (Haust 2016/Vår 2017).

Styret i gruppa bestemte vinteren 2016 at me skulle ta på oss Gymfest i Vest for ungdom (13-25 år), eit arrangement som skal arrangerast 19. – 21. mai 2017. Me har jobba noko med dette i 2016, men mesteparten av jobben vert utført i 2017. Jon Eirik Kvalnes har teke på seg prosjektleiarjobben og har fått med seg mange gode eldsjeler!

Turngruppa har også inngått eit samarbeid med Haugesund Turnforening som skal arrangera Landsturnstemne i 2017. I samband med dette er Erik Skar, Henning Nielsen, Paul Skjønberg og Kjartan Grov involvert for å hjelpe dei med å avvikla NM i turn for menn og damer. Fleire friviljuge vil nok vera med når arrangementet skal avviklast 23. – 25. juni 2017. Me har avtala at me skal få ein kompensasjon for denne jobben som vert utført.

Me har mange trenarar i ulike aldrar som er mykje i hallane. Dette er me svært takksame for. Vidare har me hatt eit godt styre som har jobba godt saman. Me vil takka alle for ein kjempegod innsats gjennom heile året!

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Medlemsoversikt Turngruppa													
Jenter/gutar:	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	
Jenter 0 - 5	39	24	32	56	55	38	41	47					
Jenter 6-12	127	93	82	80	103	76	90	94	99	95	75	42	
Jenter 13-19	22	9	17	19	31	8	28	12	15	7	14	10	
Jenter 20-25	1				1	2	21	-	45	47	10	15	
Jenter 26+	66	69	53	75	81	65	21	37			63	21	
Gutar 0 -5	42	26	32	57	45	38	43	47	79		2		
Gutar 6-12	68	71	93	89	50	79	54	56		51	50	57	
Gutar 13-19	27	16	16	24	19	22	13	4	22	6	19	15	
Gutar 20-25	1	2				1		-	45	51	0	0	
Gutar 26+	54	49	60	59	58	65	68	56			58	60	
Total	447	359	385	459	443	394	395	394	305	257	291	220	

TRENARSITUASJON

I og med at medlemstalet vårt har auka, har me også hatt auka behov for trenarar i 2016. Fleire av partia har vore så store at me har vore nøydde til å dela. Det har ført til utfordringar med å finna treningstider og ikkje minst å få nok trenarar. Heldigvis har me mange unge trenarar som stiller opp mange timer i veka og er villige til å endra treningstider for å få trenarkabalen til å gå opp.

I tillegg har me framleis mange av dei trufaste trenarane i konkurranseturn, gutar 1.-2. klasse og alle vaksenpartia. Mange unge og eldre turnarar har nytt godt av kompetansen til desse trenarane i årevis, og me håpar at dei vil halda fram i mange år enno.

På «Foreldre og barn» - partia har me, som tidlegare år, vore heilt avhengige av at foreldre stiller opp som trenarar. Me er svært takksame for at dei ynskjer å skapa eit godt treningstilbod for dei yngste medlemane i turngruppa.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Kjartan B. Grov deltok på Samarbeidsmøte til Hordaland Gymnastikk og Turnkrets i Bergen 27. – 28. februar .
- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord i februar.
- Kjartan B. Grov deltok på forbundsting i Oslo i mai.
- To instruktormøte i løpet av 2016.
- Juleoppvisninga vart arrangert 4. desember i Nyehallen på Vikahaugane.
- Romjulsleir på Vikahaugane.

HEIDERSTEIKN

Det vart ikkje delt ut heidersteikn til nokre i turngruppa i 2016.

TRENINGSTILBODA I 2016

- **Foreldre og barn, Leirvik:** Vår: 2 parti, eitt for 3-4 åringer og eitt for 5 åringer, har vore i sving i gymnastikksalen på Leirvik skule. Trenar: Kjartan B. Grov. **Haust:** i staden for å ha eitt parti på Langeland valde me å ha to parti for 3-4 åringer i gymnastikksalen på Leirvik skule. Trenar om måndagane: Kjartan B. Grov. Trenarar om torsdagane: Alice Aasheim, Marianne Presthaug og Hildegunn Gram.
- **Foreldre og barn, Langeland:** Vår: eitt parti for 3-4 åringer har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Langeland skule. 5-åringane var så få at dei har gått saman med 5-åringane på Leirvik skule. Trenarar: Henriette Thorsen og Linda Västerlund. **Haust:** Begge gruppene vart slått saman med grupper på Leirvik og Hystad og flytta til desse skulane.
- **Foreldre og barn, Hystad:** Vår: 2 parti, eitt for 3-4 åringer og eitt for 5 åringer, har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Hystad skule. Trenarar: Malin Aas Lindahl og Magnar Larsen. **Haust:** Same partia som om våren, men med nye trenarar. På grunn av låg påmelding blant 5-åringane på Leirvik og Langeland skule, fekk alle tilbod om å gå på Hystad skule. Trenar for 3-4-åringane: Rannveig Litlabø. Trenarar for 5-åringane: Helge Førland og Arne Kaldestad.
- **Jenter turn 1. klasse:** Vår: Treningane er prega av leik og grunnelement i turn. Trenarar våren 2016: Aslaug Grov Almås og Audhild Hatlevik.
- **Jenter turn 2. klasse:** Vår: På desse treningane har hovudfokuset vore å læra grunnøvingar som rulle og hinkesats. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fifeland Løkhammer, Simona Gundersen og Lars Mugaas Hegland.
- **Jenter turn 1.-2. klasse:** Haust: på grunn av låg påmelding slo me saman 1. og 2. klasse. Partiet har hatt same innhald som før. Trenarar: Tone Sandtorv Brakedal og Simona Gundersen.
- **Jenter turn 3.-4. klasse:** Vår: Denne gruppa har bygd vidare på det gymnastane lærer i turnleik jenter 1.-2. klasse. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fifeland Løkhammer, Simona Gundersen og Lars Mugaas Hegland. **Haust:** På grunn av høg påmelding vart det oppretta to grupper for denne aldersgruppa. Trenarar for gr. 1: Tone Sandtorv Brakedal og Simona Gundersen. Trenarar for gr. 2: Sofie Onarheim.
- **Gutar turn 1.-2. klasse:** Vår: Fokus på å varma opp før start, deretter styrketrening. 3 muskelgrupper, armstrekjarane, rygg- og magemusklane. Grunnøvingar er riktig sats på brett, skikkeleg tilsprang, rulle framover og bakover, handståande. Det er vanskeleg å gå vidare i opplæringa før desse grunnelementa sit nokolunde. **Haust:** Av 25 deltakarar frå vårsemesteret kom om lag halvparten tilbake når haustsemesteret starta. Fleire hadde gått over til neste alderssteg, men med nye påmeldingar, låg talet på 23 – 25 deltakarar. Trenarane har halde fram med styrkeprogrammet og lagt opp til enkle øvingar med omsyn til juleoppvisninga. Det er viktig at gutane får vist noko dei får til, og tida på oppvisninga set grenser, og med rette. Instruktørar har vore: Kristian Lunde, Lars Eik Breirem, Andreas Taraldsøy Rafdal, Trym Erlend Mjøs Hansen og Lars Mugaas, ansvarleg for opplegget.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



- **Gutar turn 3.-4. klasse:** Dette er eit parti som vidarefører det dei lærer på Gutar turn 1.-2. klasse. Som jentene i denne aldersgruppa trenar dei på rulle og hinkesats. Trenarar **vår:** Iver Fiveland Løkhammer og Lars Mugaas Hegland. Trenarar **haust:** Tone Sandtorv Brakedal og Simona Gundersen.
- **Jenter/ guitar tumbling/ trampett 5. – 7. klasse:** Denne gruppa har vore delt i to; éi gruppe for 5. klasse og éi gruppe for 6.-7. klasse. Her trenar guitar og jenter i lag og fokuset på treningane har vore grunnøvingar innan turn. Målet har vore at gymnastane skal få den treninga som er tilpassa kvar einskild. Derfor har det blitt instruert element med ulike vanskegrader, utifrå kva gymnastane meistrar. I tillegg har dei jobba ein del med fiksering for å få fine og stramme bevegelsar, noko som også skal førebyggja skadar. Trenarar **vår:** Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer og Lars Mugaas Hegland. Trenarar **haust:** Iver Fiveland Løkhammer og Trym Erlend Mjøs Hansen.
- **Trampett 8.-10. klasse:** Trampett er voltar i lufta ved hjelp av ein trampett/trampoline. Denne gruppa har drive med innøving av enkle basisøvingar og bygd opp til vanskelegare øvingar alt etter nivået til gymnasten. Dette har vore eit lavterskelttilbod der alle, uavhengig av nivå, har fått vore med. Trenar: Iver Fiveland Løkhammer.
- **Konkurransetropp i tumbling/ trampett:** 2016 vart året for eit generasjonsskifte i tumbling/trampett troppen. Juniortroppen vår som i 2015 var med i fleire konkuransar med flotte resultat, har i 2016 blitt færre og færre. Fleire av våre dyktige gymnastar har starta trening hjå naboklubbar som Gneist og Haugesund i mangel på trenarkompetanse i Stord turn. Det er i 2016 oppretta ein rekrutttropp (minitroppen) med mål om å skapa eit nytt konkurransemiljø innan tumbling/trampett blant gymnastane. Minitroppen tel ca 10 gymnastar i alderen 9-13 år. Dei har synt stor treningsvilje og hatt særslig framgang. Med treningssamlingar med kretsen, deltaking i kretskonkurranse og gymfest i Vest for barn og helgesamlingar med Anatol i regi av turngruppa har det vore eit flott år. Hausten 2016 vart troppen utvida ytterlegare, og 2017 vert eit nytt, utfordrande år med 15-20 aktive konkurransegymnastar klar for å konkurrera i både rekrutt og juniorklasse. Troppsgymnastane har også utvikla seg som trenarar, og er med som hjelpetrenarar i fleire av dei store ordinære partia. Trenarar for troppen: Nina Aalvik, Lars Mugaas Hegland, Birger Taranger og Iver Fiveland Løkhammer.
- **Aerobic og step:** Også i år har me hatt ei stabil gruppe i sving, med om lag 60 damer frå 16 år og oppover. Desse har hatt treningstider to gongar i veka og har fokus på kondisjon og styrke. Trenarar: Aslaug Grov Almås og Eva Grov.
- **Stemnedamene** har også i år trena kvar måndag i turnhallen. Dei har ikkje faste trenarar, men har hatt ei rulleringsordning blant nokre av damene som deltek.
- **Herrer mosjon** er delt i to grupper. Dei trenar fast to gongar i veka på Vikahaugane og på Hystad skule. Dei to partia har ca. 60 deltagarar til saman. Mål for treningane har vore generell trening i styrke og uttøyning for å vedlikehalde styrke og gode utslag i dei ulike ledd. I tillegg har dei trena lett kondisjon gjennom ulike ballspel. Nye deltagarar har kome til og funne seg raskt til rette i eit triveleg og lystig miljø. Trenar på Vikahaugane: Kristian Lunde. Trenar på Hystad skule: Lars Mugaas.
- **Konkurranseturn** (sjå under)





SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

KONKURRANSETURN

Konkurransegruppa i 2016 har bestått av :

Fornavn	Etternavn	Alder	Klasse
Lars	Eik Breirem	1997	Senior
Tobias	Mortensen	2003	Rekrutt
Vetle	Hystad Ådland	2003	Rekrutt
Samson	Økland	2004	Aspirant
Tørres	Koløen Birkeland	2004	Aspirant
Karl	Grov	2005	Aspirant
Lukas	S.Skjønberg	2005	Aspirant
Jonas	Angel Langli	2006	Aspirant
Christopher	Skorpen Dahl	2006	Aspirant
Jonas	Olsen Viste	2006	Aspirant
Samuel	Remen Evensen	2006	Aspirant
Jens	Nesse	2006	Aspirant
Noah	Hovland	2008	Aspirant
Theodor	Oma Tjøsvoll	2009	Aspirant

Stord IL har hatt deltagarar på desse konkurransane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Klubbmøte	Oslo	17.01
Regionssamling	Jessheim	05. – 06.02
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	13.03
Unni og Haralds Pokalkonkurranse	Oslo	20. – 22.03
FIG Konkurranse	Asker	22. – 24.04
Seriekonkurranse Nr 2	Laksevåg	28.05
KM Mangekamp	Sotra	17. – 18.06
Treningssamling	Bergen	20. – 21.06
Vestlandsmesterskapet	Stavanger	22. – 23.08
FIG Konkurranse	Bergen	24. – 25.09
Regionssamling	Stavanger	01. – 02.10
NM Senior	Oslo	08. – 09.10
Seriekonkurranse Nr 3	Fana	12.10
Norges og Norgescup Finalen	Bergen	14. – 15.11
Romjulssamling	Stord	27. – 30.12

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



I tillegg til konkurransane over, har Stord arrangert treningssamlingar med Anatol Ashurkov for konkurranseturn og tropp.

- Samling 1, 16-17.04
- Samling 2, 30.04-01.05
- Samling 3, 04-05.05
- Samling 4, 02-03.07

Dette var svært gode treningar som me gjerne skulle ha halde fram med.

Samarbeidet vart avslutta då Anatol Ashurkov fekk fast jobb i Fana.



Leiarane for konkurransegutane har vore:

- Paul Skjønberg
- Henning Nielsen
- Jarle Mortensen
- Jan Roar Hovland

Lars Breirem

Lars Eik Breirem er den einaste seniorgymnasten i Stord turn. Han har prestert godt i 2016 med mange gode resultat. Her er nokre av resultata:

Fig 1 Unni og Haraldspokal i Oslo:

- Finale og siger i svingstang.



Fig 2 Asker:

- Finale i frittståande
- Finale i ringar
- Finale i skranke
- Finale og siger i svingstang.

NM senior Oslo:

- Personleg rekord samanlagt, 2. reserve i svingstang-finalen.



Tobias Mortensen

2016 var eit prøveår for Tobias i FIG (konkurransar med internasjonalt regelverk og bedømming). Tobias har gjennom Guttelandslaget ei forventning om å stilla i alle FIG konkurranser, sjølv om det er eitt år for tidleg. Landslagssjefen godkjenner påmelding til kvar FIG konkurranse. Det er svært mange og nye reglar/krav å setja seg inn i for å delta i FIG. Derfor har dette vore eit svært krevjande og lærerikt år. Dette er også grunnen til at seriemeisterskapet, vestlandsmeisterskapet og kretsmeisterskapet vart valde vekk. Det vart rett og slett for mykje og for mange konkurransar, spesielt då FIG er så krevjande. Nytt FIG



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

reglement gjeld frå 2017-2020 gjer at det igjen vert ein del utfordringar med å laga godkjente øvingar, samt at det no er innført obligatoriske øvingar i alle apparat.

Tobias har framleis ein avtale med RE Turn i Bergen og har kjøpt timar derifrå ved ulike høve. Hjelp fra Anatol gjennom dei helgane han var på Stord, var også svært verdifullt. Vetle Ådland bestemte seg for å slutta i haust. Tobias er derfor no åleine, men trenar godt saman med Lars Eik Breirem innimellom. Mykje sjukdom og skadar i haust og vinter. Tobias trenar i snitt $5 \cdot 3,5$ timer per veke. Det betyr at det framleis er nødvendig å «snika» seg inn i treningstider til andre grupper i hallen. Dette fungerer bra.

Gjennomførte samlingar og konkurransar 2016:

- Kretssamling Bergen 12-14 februar.
- Regions samling på Jessheim 4-6 mars 2016.
- FIG1, 2-3 april 2016, Oslo
- FIG2, 23-24 april 2016, Oslo
- Regionssamling i Grimstad 10-12 juni 2016.
- NGTF Guttegruppe samling på Jessheim 21-26 juni 2016.
- Kretssamling Bergen 19-21 august.
- FIG 3, 24. – 25. september 2016, Bergen.
Finaleplass i svingstang. Kom på 4. plass.
- Finale Norgescup 2016, 19-20 november Oslo
Mangekamp: 2.plass
Finalar: Bøyle: 4 plass, Ringer: 1 plass, Hopp: 2 plass, Skranke: 2, plass, Svingstang: 1 plass
- Regionssamling 27-30 desember 2016 Stord.

UTDANNING/KURS

Aslaug Grov Almås deltok på Gym X Idékurs arrangert av Hordaland gymnastikk- og turnforbund i Bjarghallen (Bergen) i januar 2016.

Nokre av instruktørane deltok på helgesamling som kretsen arrangerte på Stord der ein kunne delta på ulike tema / områder i løpet av ei helg.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



ØKONOMI

Økonomien i gruppa har vore svært bra dette året. Me har gjort ein stor jobb med å få inn treningsavgift som er hovudinntektskjelda vår. Vidare har me også fått tilskot i omrent same storleik som tidlegare år. I samband med at Stord Idrettspark vart avvikla og Stord IL gjekk inn som leidgetakar så har våre kostnader til halleige blitt sterkt redusert. Me set stor pris på jobben som Stord IL har gjort med sal av reklameplakatar i nyehallen, noko som er med på å finansiera store delar av halleiga vår. I tillegg har me betalt eit lite bidrag til Stord IL i "andel dagleg leiar", noko me føler er til stor nytte for alle.

Hausten 2016 vart turngruppa tildelt kr. 25 000,- av Sparebanken Vest til kjøp av ny fiberbane. Tumblingbanen som turngruppa investerte i for fleire år sidan er svært mykje i bruk og er moden for utskifting. Tilskotet frå Sparebanken vil derfor koma godt med når me skal oppgradera utstyret og vil vera til stor glede for mange av partia som trenar i turnhalldelen på Vikahaugane.

På juleoppvisninga for 2016 vart me overraska med at Lars Mugaas og Kristian Lunde overrekte ei stor gave til oss på kr 150 000,-. Dette er gaver som dei fekk til sine 80 årsdagar som var i 2016. Turngruppa vil i samarbeid med givarane laga retningslinjer for korleis desse midlane skal nyttast til størst mogleg glede for turnmiljøet på Stord.



MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2016.

Fondstyre: Kjartan B. Grov, Lars Mugaas og Erik Skar.

TILLITSVERV

Erik Skar har hatt eit verv i Ærestegnskomiteen i HGTK.

Lars Eik Breirem har vore ungdomsrepresentant i hovudlaget/ Stord IL.

VALKOMITE

Valkomiteen har bestått av Kjartan B. Grov, Anne Sissel Mugaas og Jan Roar Hovland.

Stord, 21.02.2017

Stord IL, turngruppa

Kjartan B. Grov

Leiar



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2016

Sportsleg aktivitet.

- Eigne arrangement:

Barneskirenn: Det vart arrangert tre barneskirenn, herav det største laurdag 5. mars med nær 100 deltarar. Eitt av renna var eit kveldsrenn.

Rankingrenn: Det vart arrangert to rankingrennm, herav eitt kveldsrenn.

Rulleskirenn.

I juni (1.)vart "Stord opp" gjennomført for tredje gong, med målgang ved demninga i Vaulane. Rennet er eit "motbakkerulleskirenn" i klassisk teknikk. Deltakarane vel sjølv startplass etter kva ein sjølv føler passar best.

Lengste løypa går fra E39 v/Førlandskrysset (6 km). Mellomdistansen går fra Sjoalemyro (4 km) og kortaste løypa frå Fjellstova. Den er 2 km og høver best for dei yngste. 12 deltarar stilte på start denne gong, og alle fullførte kraftprøven med målgang ved demninga i Vaulane. Nokre hadde gått før og kunne samanlikna med tidlegare resultat. Andre gjekk lengre løype enn før og sette sjølvsagt ny besenotering.

I samband med kretssamling i regi av skigruppa, vart det arrangert kretsrenn på rulleski i klassisk stil i Prestagardsskogen den 4. september 2016. Dette var tredje gong det vart gjennomført eit slikt arrangement i regi av Stordski. Tilbakemeldingane frå deltarane og klubbane var svært gode, og totalt deltok i overkant av 50 personar i kretsrennet, der Stord-løparane hevda seg godt.

Tysdagstrimmen: 10 trimmekvelder frå oktober til desember vart gjennomført frå Vabakkjen etter kjent mønster. Deltakinga varierte frå 20 til 40 i den 31. sesongen for Tysdagstrimmen.

Treningsamling og kretsrenn rulleski 2. til 4. september

Første helga i september vart det kretssamling i Prestagardsskogen på Stord for tredje gong. Det var suksess alt første året (2014) - med flott reprise i 2015. Omlag 50 spreke ungdommar - 13 til 16 år - fekk instruksjon, trenin, sosial samling og inspirasjon av dyktige trenrarar og leiarar. Slik vart det i 2016 også - for årgangane 2001 til 2004. Kretsrennet i klassisk stil - ope for alle klassar - søndag 4. september avslutta samlinga i strålende haustver.

Rulleskiaktivitet for unge asylsøkjarar - Aktivitet for barn/ungdom i mottak, UDI-midlar. Skigruppa søkte UDI om støtte til gjennomføring av aktivitetar retta mot barn/unge som bur i mottak. Skigruppa fekk fullt tilslag på søknaden og mottok kr 22 000 til dette prosjektet. Samlinga vart gjennomført i november 2016, og var eit fint og vellukka opplegg for bebruarane ved Litlabø mottakssenter. Midlane vart nytta til å kjøpe inn naudsynt utstyr til utlån (rulleski, stavar, piggar) og til transport til og frå samlinga. Samlinga var ei fin introduksjon til ski-sporten. Ungdomane frå

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



mottakssenteret viste stor entusiasme og opplegget vart veldig godt tatt i mot. Håpet er at nokre av ungdomane ynskjer å halde fram med aktiviteten. Prosjektet er avslutta og det er sendt rapport til UDI.

-Treninger:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt faste treningar kvar tysdag og torsdag, med Prestagardsskogen som base. I tillegg er det gjennomført styrketrening kvar måndag for dei eldste utøvarane i barne- og ungdomsgruppa (eldre enn 13 år). Den organiserte treninga inn mot sesongen 2016/2017 tok til i juni. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med og utan stav og generell styrke) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Stian Engevik. I tillegg inngår Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik og Sigurd Sandvold i trenarteamet.

Det har vorte etablert eit uforpliktande treningstilbod for veteranar kvar onsdag frå hausten 2016 i rulleskiløypa i Prestagardsskogen (kl. 1900)

- Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Til liks med tidlegare år har det vore god Stord-oppslutnad på arrangement i Hordaland, elles i Noreg og noko i utlandet. Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen på Voss og elles rundt i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna, mellom anna vart det 3 medaljar til Stord under krinsmeisterskapen 23. januar (klassisk) og 7. februar (fristil).

I krinsmeisterskapen (klassisk) vart det god utteljing for Stord-løparane, der Simen Engevik vart krinsmeister i klassen G14 og Håkon Størkson Berg vart nr. 2 i klassen G12. Jonas Engevik vart nr. 9 i klassen G15 og Arne Jordåen nr. 8 i klassen G16. I seniorklassen deltok Jarle Haugland (nr. 7), Øyvind Gaute Berg (nr. 16) og Kjell-Inge Engevik (nr. 18).

Krinsmeisterskapen i fristil vart arrangert 7. februar på Bulken. Simen Engevik gjorde det best av Stord-løparane, med ein sterk tredje plass i klassen G14. Håkon Størkson Berg vart nr. 8 i klassen G12 og Jonas Engevik kvitterte med ein 9. plass i G15. Øyvind Gaute Berg var einaste senior som stilte frå Stord, og endte til slutt på ein 8. plass i menn senior.

Stord har elles delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Haukelirennnet m. fl. Det har også vore deltaking i Birkebeinerrennet, Helterennet og Vasaloppet blant veteranane. Som tidlegare år var det mange merketakrar i Birken og fleire medaljar (svensk merke) i Vasaloppet. Dei fleste renna vart omtalt på heimesida stordski.no og i Skinnyt.

Andre saker

-Anlegg og dugnad

Prestagardsskogen: Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Stian Engevik har kosta løypa etter behov ved bruk av maskin i eige av Engevik Byggcenter AS.

Lysløypa og Heio: Årleg dugnad vart utført seinhaustes, med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

-Ymse

Heimesida: stordski.no Facebook og Skinytt

stordski.no: Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren. På det mestre var det 3000 unike brukarar på ein månad.

Skigruppa har oppretta ei lukka facebook-gruppe for barne- og ungdomsgruppa. Her vert all praktisk info rundt treiningar, konkurransar m.m. lagt ut. I tillegg vart det 31.12.14 oppretta ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til www.stordski.no og nådde eit breitt publikum på kort tid.

Skinytt: Leiar i skigruppa, Odd S. Rommetveit har sidan 2014 utarbeidd eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre med interesse for skiidretten på Stord. I 2016 kom Skinytt ut i 8 utgåver.

Mål- og aktivitetsplan: Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

Medlemmer: Skigruppa har i 2016 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 60 personar.

Økonomi: Økonomien til skigruppa er god, med reserver til bruk når Lysløypa skal renoverast og traseane på Heio m.m. skal realiserast. Viser elles til rekneskap for 2016.

Gruppeleiing: Etter valet på årsmøtet 22. februar 2016 var styret samansett slik:

Leiar: Odd Stuve Rommetveit, valt i 2016 for 1 år.

Sekretær: Øyvind Gaute Berg, valt i 2016 for 2 år.

Kasserar: Odd Stuve Rommetveit, valt i 2016 for 2 år

Styremedlemmer: Bernt Øyvind Vad, valt i 2015 for 2 år. Kjell-Inge Engevik, valt i 2015 for 2 år. Sigurd Sandvold, valt i 2015 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2015 for 2 år. Anne Lene Jordåen, valt i 2015 for 2 år.

Varamedlem: Lars Åge Førland, valt i 2016 for 2 år

Trenarar og oppmenn: Stian Engevik (hovudtrenar), Sigurd Sandvold, Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik.

Takk Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2016.

Stord, 20. februar 2017

Odd Stuve Rommetveit Leiar og kasserar	Bernt Øyvind Vad styremedlem	Øyvind G. Berg styremedlem	Erling Tyse styremedlem
Kjell-Inge Engevik styremedlem	Anne Lene Jordåen styremedlem	Sigurd Sandvold styremedlem	Lars Åge Førland varamedlem

SIL ÅRSRAPPORT 2016
SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



STORD IL SKEISER

ÅRSMELDING 2016



Thomas, Johannes, Emma, Dina, Erlend, John, Marcus, Simen, Samuel



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Styret 2016

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Bjørn Dalen
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

Andre funksjonar:

Ispreparering:	Jan Henriksen og Henning Nordfonn
Kjoskstyrar:	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig:	Bjørn Dalen
Trenarar :	Terje Almås(elitegruppa) Kjell Storelid(talentgruppa) John Kvarme(juniorgruppa) Kjell Håvard Belsvik(rekruttgruppa)
Økonomigruppa:	Bjørn Dalen Henning Nordfonn Onar Westerheim

Medlemer:

Skeisegruppa har 47medlemer pr 31.12.2016

Styremøter:

Det vart avvikla 3 styremøter i 2016

Eksterne møter og representasjoner:

Henning Nordfonn har vore leiar for gruppa som arbeider for bygging av skeisehall

Akivitar/arrangement

Årsmøtet vart avvikla 24.02.2016

Årsfesten for gruppa vart arrangert 28.04.2016

Gruppa arrangerte 1 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2016.

Haustsesongen vart det ikkje arrangert løp pga manglende is

Gruppa har hatt følgjande dugnader:Maling av to hytter på Tittelsnes,Steinlegging i Grimsåsen,Vakt handballfestivalen.Ryddedugnad i Idrettshallen og Maling av driftsbygning

Driftsoppgåver knytta til skeisebanen

Skeisegruppa har også i år hatt ansvaret for preparering av is, snørydding i helgar og ettermiddag/ kveldstid. I tillegg til dette generelt reinhald rundt og omkring anlegget.

Drift av kiosk/skeiseutleige

Gruppa har hatt kioskdirfta i publikumstida samt vakt på banen mandag,onsdag,fredag og i helgane

Sponsorar

SKL

Kværner

DNB

Ing Jørgensen

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Elitegruppa


Aktiviteten i elitegruppa har vært god denne sesongen til tross for lite istid på heimlig is i starten på 2017 sesongen. Vi har hatt løpere med base i Calgary, Canada, Salt Lake City, USA, Inzell, Tyskland og her heime. Vi har fått opp tre nye juniorer som har tatt store skritt. Gruppa har vært på treningsleir i Inzell, Tyskland, løp i Calgary i Canada samt treningshelger og løp i Stavanger, Hamar, Bjørgn, Trondheim og Bergen.

Magne Notland

Magne bor og trener i Calgary for tredje år på rad. Han har tatt enda ett steg dette året og har vist at han er blant topp ti i Norge allround og på 1500 meter. Magne vant nr 7 i NM på Leangen i desember og har forbedra alle sine personlige rekorder under løp i Calgary.

Magne har følgende personlige rekorder:

500m	36,60
1000m	1.11,40
1500m	1.48,24
3000m	3.53,95
5000m	6.45,90
10000m	15.44,20



Espen Brask Nordfond

Espen bodde og trente i Calgary frem til våren dette året. Sjukdom og manglende fremgang gjorde at han i vår valgte å prøve noe nytt med privat laget Norges Skøyteakademi. Laget har hatt trenings samlinger i Inzell i Tyskland, Oslo og Leeuwarden i Nederland. Her har han fått trent mykje i lag med Arthur Was og Christoffer Rukke noe som har gitt klar fremgang og motivasjon. I NM enkeltdistanser i Bjørgn ble han nr 10. på 500 meter og 16. på 1000 meter.

Espen har følgende personlige rekorder:

500m	36,76
1000m	1.12,85
1500m	1.51,97
3000m	4.10,86





SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Magnus Brask Nordfond

Magnus var tilbake fra militærtjeneste forrige sesong og brukte denne våren til å koma tilbake i form og reiste til Salt lake City i september der han har blitt «coach» av dyktige trenarar og fått tilført ny teknikk og nye treningsprinsipper. Magnus ble nr 13 i NM sprint på Hol.

Magnus har følgende personlige rekorder:

500m 38,19

1000m 1.16,57

1500m 2.00,13

Anja Sporsheim

Anja har i år tatt steget opp til elitegruppa. I februar vant ho 500 meter i Landsmesterskapet i sin klasse i Bergen og vart nr 5 på 1000 meter. Anja satt også 4 nye klubrekordar og viste stor fremgang under løp i Calgary i Canada. I Norges cup har ho vunnet og vert fleire ganger på pallen på 500 og 1000 meter i juniorklassen.

Anja har følgende personlige rekorder:

500m 43,46

1000m 1.28,83

1500m 2.20,06

Olav Nylund

Olav har i år tatt steget opp i elitegruppa og vist veldig fin framgang og god treningsvilje. Under Landsmesterskapet i Bergen vart han nr 5 på 500 meter i sin klasse. Under løpa i Calgary satt han nye personlige rekorder på alle distanser og kom også under 40 sekund på 500 meter for første gang.

Olav har følgende personlige rekorder:

500m 39,09

1000m 1.18,91

1500m 2.02,45



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Øystein Måge Skorpen:

Øystein har i år tatt steget opp til elitegruppa og viser god fremgang. Han kvalifiserte seg i år for første gang til Norges Cup og deltok på Hamar. Han har også satt nye personlige rekorder på alle distanser.

Øystein har følgende personlige rekorder

500m	45,32
1000m	1.33,84
1500m	2.25,88
3000m	5.12,04

Juniorgruppa

Aldersgruppa 13-17 og Thomas har delteke på mange løp gjennom 2016. Her er plasseringar i dei gjevaste løpa: Kretsmeisterskap sprint (KMSp), Kretsmeisterskap all round KMAr, Landsdelsmeisterskap (LDM) og Landsmesterskap (LM). Gjengen hevdar seg godt både lokalt, regionalt og nasjonalt.

	KMSp	KMAr	LDM	LM plasseringar
Thomas (19)	1	2	-	-
Marcus (14)	5	11	4	13/9/13
John (13)	6	7	4	13/12/11
Erlend (13)	4	3	3	9/8/7
Daniel (13)	9	10	-	-
Johannes (12)	1	1	2	-

Thomas Haraldsen	Fødd: 12.1996	Pers -16	(-15)
	500m	51,72	(55.82)
	1000m	1.47,22	(1.55,92)
	1500m	2.39,14	(2.57,93)
	3000m	6.02,58	(6.05,79)
	5000m	11.15,11	(12.05,46)
Marcus Rasmussen Kvarme	Fødd: 06.2001	Pers -16	(-15)
	500m	44,47	(46,79)
	1000m	1.29,51	(1.31,49)
	1500m	2.20,38	(2.23,17)
	3000m	4.54,20	(5.09,62)
	5000m	8.28,42	(8.51,04)



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

John Granli		Fødd: 01.2002	Pers -16 (-15)
		500m	42,70 (46,55)
		1000m	1.27,39 (1.36,45)
		1500m	2.17,82 (2.26,78)
		3000m	4.49,13 (5.30,53)
Erlend Johannessen Belsvik		Fødd: 05.2002	Pers -16 (-15)
		500m	42,96 (44,37)
		1000m	1.26,75 (1.29,03)
		1500m	2.13,33 (2.17,17)
		3000m	4.39,68 (5.03,78)
		5000m	7.56,62 (8.29,73)
		10000m	17.29,36 (-)
Daniel Stautland Hauge		Fødd: 05.2002	Pers -16 (-15)
		500m	48,00 (51,34)
		1000m	1.38,60 (1.48,44)
		1500m	2.48,88 (2.49,84)
		3000m	5.36,72 (6.03,26)

Johannes Kielland Kroka		Fødd: 09.2002	Pers -16 (-15)
		500m	54,64 (1.03,87)
		1000m	1.55,09 (-)
		1500m	3.19,99 (3.48,80)
		3000m	- (-)



Olav-ein superhelt!

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Rekruttgruppa

Rekruttene har denne sesongen trent i lag med junior gruppa og elitegruppa. Dei har vert med på treningsamlinger og løp i Stavanger, Stord og Bergen.

Eva Fagerbakke Tesdal har følgende personlige rekorder:

300m	49,65
400m	1.02.21
500m	1.22.66



Magnus Sørheim Nylund har følgande personlige rekorder:

300m	58,41
-------------	-------

Bastian Onarheim Waage har følgende personlige rekorder:

100m	19,69
300m	1.00,18
500m	1.36,72

Johannes Almås har følgende personlige rekorder:

300m	49,16
-------------	-------





SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Veterangruppa år 2016

Veterangruppa kan sjå tilbake på eit aktivt år med mange gode resultat.

I gruppa er det i alt 7-8 veteranar. 6 av desse har delteke på følgjande løp:

Kretslopp : 5 deltagarar.

OC-løp i Stavanger 6 deltagarar

NM for veteranar på Hamar : 2 deltagarar

VM Allround Masters i Leeuwarden : 2 deltagarar.

Masters i Vikingskipet : 2 deltagarar

NM på Hamar :

Her vart det oppnådd følgjande plasseringar

(4 distanser + samanlagt)

Onar Westerheim M65 : 1 sølv, 2 bronse

Harald Westerheim M70 : 1 sølv

VM Allround Veteranar i Leeuwarden.

Onar nr 6 i M65 (18 delt)

Harald nr 4 i M70 (25 delt)

Klubben held følgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.01. 2015

Verdensrekordar :

Onar M65 Sprint firkamp 173,390

Onar M65 Stor firkamp 186,732

Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Harald M70 5000m 8.33.23

Harald M70 10000m 17.47.43

Det vart også sett følgjande nye kretsrekorder i 2016:

Harald M70 1500m 2.24.89 3000m 4.58.06 5000m 8.33.23, 10000m 17.47.43

Årsbeste 2016

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000m
M45						
Kjell Håvard Belsvik	42,59	1.27,12	2.12,13	4,59,02	8,30,68	
M60						
Henning Nordfond	43.69	1.28.00				
M65						
Onar Westerheim	45,23	1.30.10	2.19.49	4.50.49	8.27,04	
M70						
Harald Westerheim	48.52	1.35.23	2.24.89	4.58.06	8.33.23	17.47.43
Jan Henriksen	47.88	1.38.74	2.43.42			
Frank-Einar Pedersen	52.32	1.44.67	2.41.02	5.41.19	9,51.00	20.53.99

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Årsmelding 2016 – Stord Volleyball



STYRET

Svein Andersland - leiar

Øyvind Langballe Storebø - sportsleg ansvarleg

Bashkim Misini - styremedlem/kioskansvarleg

Dovile Martinkute - yngre representant

Utanom styret: Turid Verdal - økonomiansvarleg

MEDLEMAR

Det var registrert 60 medlemer i sesongen 2015-16. I tillegg kjem 15 nye medlemer hausten 2016.

LAGRAPPORTAR

Dame senior 2. divisjon

Sesongen 2015/2016: Sesongen enda med 4. plass i både seriespelet og i sesongens rankingturnering. Det ga 4. plass samla sett. Det var ein plass opp frå sist sesong. Laget har hatt ein stabil tropp med ein erfaren grunnstamme. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trener har vore Gry Tuset.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Sesongen 2016/2017: Me har holdt oss rundt 4. og 5. plassen i år og. Trio, Viking og Rossvoll er vanskelege å gjere noko med. Dei kjempar om dei tre første plassane. Når det er sagt, så slo me Viking på heimebane og me tok eit sett frå Trio på bortebane. Så me kan bita i frå oss. I år konkurrerer me med Askøy og nyopprykka Søre Neset om 4. plassen. Det ser ut til at det heile vil verta avgjort på rankingturneringa 12. mars 2017.

Laget er fortsatt satt saman av gammalt og ungt. Turid Verdal, Gry Tuset, Siw Haaland Pedersen, Grete Anuglen og Marianne Velure er dei erfarte spelarane som har spelt i mange sesongar og vore ein grunnstamme i damelaget. Mor Ruth Birgit og dotter Oda Løvø Steinsvåg begynte på damelaget sist sesong. Oda er med og spelar kampar for oss i år og, men det er nok siste sesongen. Ho klatrar vidare på sin lovande volleyballkarriere, mens mor (Ruth) held stand som diagonal på damelaget. Me er glade for at Emma Bulie har tatt steget opp til damelaget i år. Ho har brukt denne sesongen til å etablere seg på laget. Det er også andre juniorspelarar som tek turen innom dametreningane i ny og ne. Våre to småbarnsforeldre Ane Kristine Storebø og Line Larsen Skjetne er viktige bidrag. Med si erfaring frå toppnivå nyt me godt av dei to. Me har også vore så heldige å hatt internasjonale spelarar på laget. I fjor var Caroline frå Italia med og i år begynte Kasia Kaczorowska frå Polen. Me er altså eit samansett lag som trivst i lag. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trener er framleis Gry Tuset.



Damelaget per mars 2016.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Oda Løvø Steinsvåg i angrep mot Askøy 11. februar 2017.

Herre senior 3. divisjon

Herrelaget har i år deltatt i 3. divisjon, etter at dei måtte trekkje seg frå 2. divisjon på grunn av mangel på spelarar. Målet for årets sesong vart difor å forsøke å stille lag på alle serierundene i 3. divisjon og hamne på topp tre.

3. divisjon utgjer fire serieturneringar, der summen av rankingpoengna frå desse avgjer kva plass ein får til slutt. Stordherrene klarte ikkje å stille lag til første turnering, og var dermed ute av gulekampen allereie då. Dei to neste turneringane enda laget på 1. plass og deretter 2. plass. Siste turnering vart spelt 19. februar i Bergen. Stord vann denne, og sikra dermed sølvmedaljane samanlagt.

Det har i år vore ein svært liten spelarstall, og i denne stallen har det vore mangel på juniorspelarar. Etter nyttår har ting endra seg, og spelarstallen har auka, i alle fall på treningane. Nye lokale juniorspelarar har dukka opp og studentar frå HVL (tidlegare HSH) har også vist interesse for å spele for Stord. Desse vil først vere aktuelle frå hausten av. Hausten 2017 ser dermed lovande ut, og me håpar at me då kan stille med eit slagkraftig lag som igjen kan ta steget opp i 2.divisjon. Trenar har vore Øyvind Langballe Storebø.



Spelarstallen pr mars 2016



Herrekamp mot TIF Viking, serierunde i Øystese 20. november 2016

Gutar U15/17

Gutegruppa er nede i ein liten bølgdedal med omsyn på rekruttering. Det har ikkje vore nok gutter i løpet av året til å melde på lag i serien, i tillegg til at det ikkje har vore ein fast trenaransvarleg for gruppa. For å oppretthalde treningane vart det organisert ei rullering av trenarar gjennom vinteren. Det er eit mål å få på plass ein fast trenar og få gutane påmeldt i seriesystemet. Det har og vore tilfang av gutter frå asylmottaket på Litlabø, noko som er positivt for både dei einslege asylsøkjarane og oss i volleyballgruppa.

Jenter U15/17

12 jenter har trena 1-2 gonger i veka hausten 2016. Majoriteten av desse vart flytta opp frå U13 førre sesong, og gruppa fungerer veldig bra sosialt og sportsleg. Sesongen 2016/2017 starta med Smash-off i Øystese i september, fortsette med regionssamling på Hatlestrand i oktober før to serierundar i november avslutta hausthalvåret. Jentene tek nye steg for kvar kamphelg, og

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



det er godt å sjå at trening nyttar. Trenar har vore Endre Bjørn Ladehaug, medan Geir Mosaker har vore oppmann.



Jenter U15 spelar seriekampar i Øystese, 28. november 2016.

Resterande jenter frå U17-sesongen 2015/16 har i inneverande sesong hatt tilbod om å trene med andre treningsgrupper som JU15, GU15/17 og damelaget. Eit meir sprikande treningstilbod har nok gjort at fleire jenter har slutta med organisert volleyball. Det er likevel nokre som mellom anna har fått gode treningar med damelaget.

U13 minivolleyball

Sesongen 2016/17 har det vore mange nye spelarar, ettersom ein del av dei "gamle" er flytta opp til U15. Det er likevel ei grunnstamme på om lang 10 spelarar, der to er med frå sist sesong. Med så mange nye er det noko nivåforskjell i gruppa, og det har vore nødvendig å fokusere mest på grunnteknikkar denne sesongen. Framgongen har vore fin. Det er om lag 50/50-fordeling på gutter og jenter, og det er ekstra populært å spele mot kvarandre. Førebels har det ikkje vore påmelding i seriespel, eller andre meisterskap. Spelarane har hatt fin framgang sidan oppstart og både ballkontroll og regelforståing byrjar kome på plass, så det er aktuelt med påmelding i siste serierunde. Trenarar inneverande sesong har vore Per Øystein Kannelønning og Vidar Nilsen. I tillegg har gjestetrenarar Øyvind L. Storebø og Kjetil Djuve vore populære innslag.



Yngre serierunde U13 i Gamlehallen, 7.-8. januar 2016

Laurdag 9. april var det duka for regionmeisterskapen (RM) for U13 i Sandslihallen med Gneist som arrangør. Stord stilte med to jentelag som gjorde ein kjempeinnsats. Stord 1 med Ingrid Ladehaug, Marie Aadland Djuve og Nanett Halwe vann si innleiande gruppe. I ein spennande semifinal klarte dei å slå erkerivalen Strandvik 2-1. I finalen tapte dei med små margin 0-2 mot Rossvoll. Det var ein flott andreplass og sølvmedaljar i RM! Stord 2 stilte med Margrete Mosaker, Malene Sørli, Eline Holsen Handeland og Marthe Halwe. Dei kom på ein flott andreplass i sluttspelen. Laget tapte kampane i sluttspelen, men spelte bra volleyball. Til slutt kom dei på ein flott 8. plass av i alt 15 lag. Samla sett var det ein godt fornøgd stordgjeng som kom heim.



Glade jenter med sølvmedaljar og flott innsats i RM i Sandslihallen, 10. april 2016.

Fellessamling med Gilje minivolleyball

Måndag 14. mars vart det arrangert felles trening og interne kampar mellom Stord og minivolleyballmiljøet på Gilje. På Gilje allaktivitetssenter har primus motor Hege Sønstabø med fleire fått i gang ei god volleyballgruppe med mellom 20 og 30 aktive spelarar. På fellessamlinga kom om lag 15 spelarar over bruene, og til saman 32 gutter og jenter hadde ei aktiv og flott trening.



Felles treningssamling med minivolleyballmiljøet på Gilje, Bømlo. 16. mars 2016.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



TALENTSAMLINGAR OG REGIONLAG U16

Hordaland Volleyballregion inviterer til opne talentsamlingar for U16. Ivar Utbjoe Andersland deltok hausten 2015 på fire slike samlingar, og vart tatt ut til regionslaget til Hordaland for NM U16 i Oslo i januar 2016. I NM kom Hordaland på 2. plass, etter ein spennande finale mot Møre og Romsdal (1-2).

LANDSLAG GUTAR U17 OG JENTER U18

To spelalar med bakgrunn frå Stord Volleyball har i 2016 blitt tatt ut på juniorlandslag. Ivar Utbjoe Andersland vart tatt ut på landslaget for U17 som spelte NEVZA-turnering i Danmark i oktober. Oda Løvø Steinsvåg frå Bømlo og Stord Volleyball vart før jul 2016 tatt ut til landslaget for U18 som spelte EM-kvalifisering i Kroatia i januar 2017. Oda og Ivar går på toppidrettsgymnaset ToppVolley i Sand. Det er svært gledeleg og inspirerande at stordspelalar oppnår slike gode resultat.

ARRANGEMENT

Kværner HobbyVolley vart arrangert 23. april og 5. november 2016. Vårturneringa trakk 31 lag, haustturneringa 26 lag. Haustturneringa vart råka av arrangementskollisjon da Fitjar-Stord Hundeklubb hadde tinga feil helg til sitt arrangement. Vi kom dei i møte og flytta HobbyVolley fram ei vike, med berre eit par vekers varsel til deltakande lag. Dette gjorde at vi mista mange lag som hadde rydda plass til opprinneleg helg. I forkant vart det gjort avtale med hundeklubben om økonomisk kompensasjon. Denne vart til slutt på kr 15000,-.

Yngre serierunde vart arrangert 7.-8. januar, med U13 på laurdagen og jenter U19 på søndagen. For U13-laga vart det gjennomført 75 kampar fordelt på ni banar og tre langnett i Gamlehallen. Stord stilte her med tre jentelag og eit gutelag.

KURS

Laurdag 10. september arrangerte Hordaland Volleyballregion i samarbeid med Stord Volleyball mini-/ungdomstrenarkurs i Stord Idrettspark. Kurset kvalifiserer til å trenere yngre lag og vere langleiar i kampar. 11 deltakarar frå Sveio og Stord deltok med ein alltid flink og engasjert instruktør Eilev Nyland. Deltakarane viste god aldersspreiing frå yngre junior til 70 år!

Kurset vart gjennomført med to timer teori i Idrettsstovo og seks timer praksis i Gamlehallen, i tillegg til ein nettbasert teorimodul. Kurset utgjer modul 1 i Norges Volleyballballforbunds Trenar 1-utdanning. Målsetjinga er å legge til rette for meir funksjonell volleyballaktivitet for barn og unge. Ein legg difor vekt på organisering og praktisk pedagogisk tilrettelegging der utøvarane skal ha eit høgt aktivitetsnivå med flest mogleg ballinvolveringar.



Minivolleyball-/ungdomstrenarkurs i Gamlehallen 10. september 2016 - Representantar frå Stord og Sveio.

SANDVOLLEYBALL

RM i Strandvik 11.-12. juni

Det vart ei flott sandvolleyballhelg i Strandvik 11.-12. juni. Strålende vær og 78 påmeldte lag i mange klassar heldt fem banar i aktivitet frå morgen til kveld. Fleire stordspelarar var med. Nanett Halwe og Ingrid Ladehaug debuterte i JU15 (har vore U13 inne) og fekk god motstand. Likevel god erfaring for to jenter som har stort potensiale i volleyball. Trenar Endre Bjørn Ladehaug følgde jentene.

På gutesida spelte Ivar Utbjoe Andersland saman med Johannes Helland-Hansen (Rossvoll) i både U17- og U19-klassen. I U17 gjekk gutane til topps og kom heim med både penge- og gåvepremiar. I U19 vart dei nr 4, ein veldig god prestasjon det og. I Open klasse på søndagen deltok Anders Kallekleiv Voreland og Håvard Utbjoe Andersland. Dei endte til slutt på delt 7. plass av 12 lag.



Nanett Halwe og Ingrid Ladehaug debuterte i organisert sandvolleyball i U15-klassen.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



NM for regionslag, Stavanger 18.-20. juni

18.-20. juni vart NM regionlag U17 sandvolleyball arrangert i Stavanger. Ivar Utbjoe Andersland frå Stord var tatt ut i lag med fem andre spelarar frå Nyborg og Sotra. I NM for regionlag stiller kvar region med to lag, der spelarane kan rokere mellom laga. NM går i dagane før Beach Volleyball Continental Cup i Stavanger, og finaledagen for NM på måndag 20. juni gjekk i sentrum. Innleiande kampar laurdag og søndag vart lagt til det nye sandvolleyballanlegget ved Ynglingen. Hordaland endte til slutt på 4. plass.

NM U17 i Kristiansand 31. juli-2. august 2016

Det var kjekke og innhaldsrike sandvolleyballdagar (31. juli - 2. august) under årets NM U17 sandvolleyball i Kristiansand, der Ivar Utbjoe Andersland og makker Johannes Helland-Hansen frå Rossvoll spelte seg heilt fram til finalen. Denne tapte dei 0-2, men står att med sølv som er svært god framgong frå 9. plassen året før.



Ivar Utbjoe Andersland og Johannes Helland-Hansen (Rossvoll) i finalespel og med NM-sølv.

Nye stolpar og nytt nett på sandvolleyballbanen

10. mai 2016 var ein merkedag med montering av nye stolpar og nytt nett. Sandvolleyballbanen er no godt rusta opp og har god aktivitet frå både organiserte og uorganiserte spelarar.



Ein flott dugnadsgjeng som rydda banen og monterte nye stolpar!

NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM, STREAMING

Volleyballgruppa er framleis ein aktiv brukar av eiga nettside og Facebook. Facebook er eit viktig sosialt medium for å spreie informasjon og kommunisere med volleyballinteresserte,



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

mellanom anna i samband med HobbyVolley-arrangementa. Det er og lagt innsats i å streame kampar i ulike samanhengar.

REKRUTTERING OG SKULEBESØK

Rekruttering er eit kontinuerleg arbeid. I 2016 har det vore bra rekruttering for jenter U13 og U15, medan det er vanskelegare å rekruttere gutter i denne aldersgruppa. Eit tiltak for å styrke rekrutteringa har vore å vitje barne- og ungdomsskular i kommunen. Her har Per Øystein Kannelønning vore ein viktig ressurs. I lag med gutespelarar Anders Kallekleiv Voreland, Ole Sæbø Sæbøvik og Håvard Utbjøe Andersland har det vore skulebesøk på Langeland skule og Nysæter ungdomsskule.

HEIDERSMERKE

Ingen frå volleyballgruppa var innstilt til heidersmerke i 2016.

ØKONOMI

Volleyballgruppa har hatt eit godt økonomisk år i 2016, og har likvide midlar til å utbetale kostnader gjennom året. Drifta og budsjettet har vakse dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnader gjennom sponsing, treningsavgift og sportslege arrangement. I året 2016 har ein gjennomført fleire gode arrangement og motteke sponsormidlar. Utgiftene er knytt til kampavvikling, trenarhonorar, kostnader til hovudlaget, utstyr, halleige og andre utgifter som omfattar annonser, interne arrangement med meir. Økonomien i gruppa er god med reservar til bruk om det må gjerast investeringar, eller auka behov til drift utover det som ligg i budsjettet. Syner elles til rekneskap for 2016.

Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk. Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. Den siste posten inkluderer sponsorstøtte frå Kværner, Multiconsult, Sparebanken Vest og støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballregion.



Sommaravslutning på sandvolleyballbanen 6. juni 2016.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Stord, 23. februar 2017

*Svein Andersland
Leiar*

Øyvind L. Storebø

Turid Verdal

Bashkim Misini

Dovile Martinkute



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING IDRETTSMERKE



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2016

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltarane har kunne avlagt prøvane.

I året 2016 var det 50 som greide krava. 7 stk. fleire enn 2015. Veldig gledelig. Så no håpar vi på at ennå fleire kommer i 2017.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Merka vart delt ut på den årlige tilstellinga me har i Idrettstova.

Desse har vore i utvalet i 2014: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Sunnhordland.

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med.

Ser fram til ein ny periode.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks

SIL ÅRSRAPPORT 2016

NOTATER





Årsmelding allianse- idrettslag





FOTBALL

ÅRSMELDING 2016



Fantastiske minner frå Stord Fotball sitt stoltaste augneblikk i 2016.

Jenter 15 vinner Dana Cup 2016 på ein særslig overbevisande måte.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2016

Organisasjon og tilsette

Stord Fotball har i 2016 hatt det sjuande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige særidrettslag i allianse med Stord IL.

Samla var det vore 53 lag i Stord Fotball i 2016, medrekna senior menn med to lag og damelaget. Dette er om lag like mange lag som i 2015.

Medlemsmassen til Stord Fotball har ei negativ utvikling. Barnefotballen knytt til Hystad skule har tradisjonelt vore ein vesentleg del av Stord Fotball sitt aktivitets- og medlemsområde. Dei siste åra har imidlertid nærleiken til gode baneanlegg i Nordbygda, og manglande prioritering frå Stord kommune når det gjeld nytt baneanlegg på Hystad, medført at store deler av medlemmane har skifta klubb. Det var registrert ca. 500 medlemmer i 2016. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 110 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2016. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Ørevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Kari Pedersen vart tilsett i Stord Fotball sommaren 2016 og er ansvarleg for Akademiet og allsidige kontoroppgåver. Helge Røksund er trenar for dei eldste gutane og Talenskulen. Tommy Knarvik har vore hovudtrenar for senior herre i 2016, og slutta i desember.

Frå 01.01.2017 er Jon Pall Palmason tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talenskulen.

Visjon og målsetting

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor identitet, inkludering, nærliek, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at barn og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ønskjer me å gi barna ei positiv oppleveling av meistring saman med vener i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ønskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling kor god helse og fysiske ferdigheter i sunn konkurranse med jammaldrande er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenrarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmar. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i "Talentskulen", "Jenteløftet" og "Teknikkskulen", samt "Akademiet" (Fotball SFT) for dei yngste, ønskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2016 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljige fotballspillarar i regionen.

Senior damer

Damelaget vårt spelte i 2016 i 4. divisjon etter at laget rykka ned frå 3. divisjon i 2015. Gjennom ei evaluering av sesongen 2015, kor både positive og negative erfaringer frå sesongen vart drøfta, vegen vidare staka ut med mål om eit snarlig opprykk til 3. divisjon igjen.

Erfaringane frå 2015 viste at treningsgruppa var for stor og ujamn, og ambisjonsnivået til kvar enkelt spelar var forskjellig. Det var ei relativt lita gruppe som var veldig treningsvillig, medan resten av gruppa trena 1-2 treningar i veka. Spelarstallen for 2016 vart tatt ut med bakgrunn i samtalar med alle spelarane kor treningsvilje var eit sentralt tema. Målet var å skape ein god treningskultur i gruppa, kor all skulle ta ansvar for både eigen og laget si utvikling. Med ein spelarstall på 17 -18 spelarar pluss hospitantar vart sesongførebuinga starta med 4 treningar i veka. Spelarstallen ville bli endra frå haustsesongen grunna at fleire spelarar skulle på skule utanfor Stord. Me nytta derfor bevisst mange hospitantar i vårsesongen for å vere best mogleg førebudd til haustsesongen. Treningsoppmøte har vore særskilt godt i oppkjøringa til sesongen og nivået på treningane vesentleg betre enn i 2015. Gjennomsnittleg alder i spelargruppa har vore ca. 17 år 2016. Med bakgrunn i godt treningsutbytte og gode førebuingar til sesongen vart målsettinga at me skulle å rykka opp igjen til 3. divisjon på første forsøk. Dei to første plassane ville gi opprykk.

I vinterhalvåret var med i ein cup for 3. og 4. divisjonslag som Kopervik arrangerte. Her gjekk me heilt til topps, og vant 3-1 over 3. divisjonslaget Kopervik i finalen.

Første seriekamp var borte mot Baune der me vant med solide 9-0. Kampen etter følgde me opp med 9-0 heima mot Os. Me hadde no fått ein god start, og sjølvtilletten var stor i gruppa. Når vårsesongen var over låg me øvst på tabellen med 7 sigrar og 1 uavgjort borte mot Rosendal. På dei neste plassane følgde Tertnes, Askøy og Fana 2, som all hadde ambisjonar om opprykk.

Før haustsesongen starta «mista» me 4 etablerte spelarar til vidare skulegong, men unge jenter steppa inn og haustsesongen skulle bli minst lika god som vårsesongen. Tre serierundar før serieslutt var det klart at me ikkje kunne bli dårligare enn nummer to, og opprykket var sikra. Me hadde toppa tabellen fra første til siste kamp og enda til slutt med 14 sigrar, 1 uavgjort og 1 tap (1-2 for Tertnes etter at opprykket var sikra). Målforskjellen vart på 72-6.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Askøy blei nummer to og slo følgje med oss opp i 3. divisjon. Dei hamna 8 poeng bak oss.

Øyvind Mellemstrand har vore hovudtrenar. Hjelpetrenarar har vore Håkon Vestbøstad og Atle Ersland, Terje Dregelid har vore keepertrener og Stig Johnny Leitet oppmann/lagleiar.

Sportsleg helsing

Øyvind, Håkon, Atle, Terje og Stig Johnny

Senior menn

Etter opprykksesongen 2015 signerte Stord en opsjonsavtale med Tommy Knarvik om vidare engasjement som trener for A laget vårt.

Sturla Aakre måtte prioritere husbygging i 2016 og laget måtte derfor ha inn en ny hjelptrener. Valget falt på Jon Andre Røyrane som året før hadde valgt å legge fotballskoa midlertidig på hylla. Tom Erik Solstad fortsatte sitt engasjement som fysisk trener i 2016. Etter opprykket valgte Rune Solhaug å returnere til Vard i Haugesund. Dette gjorde at Stord trengte ny keeper og klubben signerte derfor Peter Ekeland på en utlånsavtale fra Fana. I tillegg kom Jørgen Kallevåg inn i stallen etter å ha meldt overgang fra Bremnes. Utover dette, var det lite utskiftninger i en fremdeles ung A stall.

Sesongen starta tidlig i januar, med 4-5 fotballøkter i uka, samt styrketrenings med Tom Erik.

Tradisjonen tro reiste A-laget til Tyrkia på treningsleir. Utbytte av turen var som vanlig bra, både sportslig og sosialt. Laget spilte 1 treningskamp i Tyrkia og tapte til slutt 1-3 mot 1. divisjonslaget Åsane.

Stord var direkte kvalifisert til 1. runde i NM og fikk FK Haugesund på besøk på stadion. Etter en jevn og spennende første omgang, rakk det fullstendig for Stord i 2. omgang og resultatet ble til slutt 1-8. Stord ble på ingen måte en cup Askeladd i 2016.

Laget fikk en tøff start på sesongen og møtte de to antatt sterkeste lagene i de 2 første kampene: Nest Sotra og Florø. Begge kampene endte med tap, henholdsvis 1-3 og 3-6. Første seier kom i den 3. kampen borte mot Fyllingsdalen, der vi vant 2-1.

Sesongen sett under ett ble ujevn, og laget varierte veldig i prestasjonen fra kamp til kamp. På hjemmebane hadde nok laget litt marginene i mot seg, og noen av kampene burde absolutt endt med seier og 3 poeng.

Uansett, 2 runder før sesongslutt var nedrykket et faktum. Stord var dermed tilbake i den nye 3. divisjon (Regionsligaen). Noe av forklaringen kan være at stallen var relativt ung og med for lite erfaring på dette nivået. Noen sentrale spillere var også mye ute med skade i løpet av sesongen. Omlegging av seriesystemet kan nok også ha spilt en rolle her.

Trenere, spillere og støtteapparat rundt A laget har gjort god jobb også i 2016, selv om det til slutt endte med nedrykk..

God oppfølging fra Tom Erik viste seg å være forebyggende i forhold til alvorlige/langvarige skader. Når det først var nødvendig med behandling, stilte Sindre Askeland opp og gjorde manns jobb. Takk til Sindre.

Trenere denne sesongen har vert Tommy Knarvik, Jon Andre Røyrane og Tom Erik Solstad

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Holger Iversen har fungert som kontaktpunkt mellom styret og A laget.

Lagledere har vert Jan Aksnes, Jan Ivar Olsen, Leif Leknessund og Audun Bårdesen.
Alle har gjort en fremragende jobb

- Årets Spelar i 2016 Rune Mo
- Årets Toppskårar i 2016 Morten Hillestad

Stord Fotball sitt 2. lag gjorde en god sesong i 5 divisjon og kjempa i toppen gjennom heile sesongen. Laget endte til slutt på en 2. plass, bak Bremnes som rykka opp i 4 divisjon. Positivt for lokalfotballen i Sunnhordland. Et relativt godt og tett forhold til juniorlaget, gjorde at mange unge fikk prøve seg på seniornivå i løpet av sesongen. Robin Øvrevik og Christian Brink skal ha stor takk for ansvaret de tok med tanke på trener/laglederrolla for 2. laget

Barne- og ungdomsfotballen

Barnefotballen

Barnefotballen er delt inn i lillejente/lillegutt (11 og 12 år) og miniputt (7-10 år).

Lillejente/lillegutt spiller 7'er fotball, mens miniputtene spiller 5'er fotball.

Alt i alt var det 34 påmeldte lag i året som gikk. Same antall som i 2015. Det er startet både jente- og guttelag på Leirvik skole og Langeland skole. Rekruttering av nye spillere og organisering av barnefotballen er en kontinuerlig prosess.

Stord Fotball jobber aktivt for at samarbeidet mellom lagene internt i klubben funger godt, både på tvers av klasser og årstrinn.

Barnefotball i Stord Fotball er delt inn i skolekretsene Langeland, Leirvik og Hystad. Vi ser at Hystad skole på grunn av geografisk beliggenhet nå kretser til Trott og banen på Prestegardsskogen. I 2015 mistet Stord Fotball sine siste lag på Hystad skole, da eit 2007 og eit 2003 lag valgte å melde overgang til Trott fra 01.01.16

Stord Fotball har i 2016 hatt økt fokus med aktivt oppfølging opp de yngste laga og har blant annet tilbudt nye trenere og lagledere kurs i UEFA C-lisens, nå kalla «Grasrottreneren». Stord Fotball ønsker å ha et godt sportslig og pedagogisk tilbud til barn gjennom trening veiledet av gode trenere. Treningene skal ha fokus på leik og moro kor alle er inkludert, og opplever mestring og utvikling.

Morten Tislevoll var 2016 trenerveileder for gruppene i barnefotballen.

I slutten av 2016 sesongen vart det bestemt at NFF Hordaland skal delta i eit pilotprosjekt som påvirker barnefotballen fra 2017 sesongen. Spilleforma blir slik:

- 6-7år : 3 ar fotball
- 8-9år : 5 ar fotball
- 10-11år : 7 ar fotball
- 12år : 9 ar fotball



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Ungdomsfotballen - jenter og gutter 13-19 år

Stord Fotball har markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga i sesongen 2016.

Jentene 13 – 19 år

Nytt av året er at Stord fotball har starta med 3' er fotball – noko som har gitt stor suksess for dei aktive og for foreldre. Jentene er svært aktive i klubben og dei har gjort sitt inntog også på denne arenaen. I tillegg kjører ein med 5' er, 7' er, 9' er og 11' er fotball. Dette er i tråd med NFF sine tankar om barne og ungdomsfotball.

Klubben har no fått eit svært bra anlegg og dei minste har sine arenaer på Ås og Hystad, medan dei andre laga har fordelt seg på Vikahaugane og Langeland.

Stord Fotball har mykje å være stolte av vedrørende jentefotballen. Dei har gode foreldre-trenarar og lagleiarar. Samarbeidet mellom dei ulike laga er også godt. Resultatet av dette er at både bredde aspektet og dei som vil trenre ekstra blir i varetatt. Stikkord i suksessen som blir beskrevne under er treningskultur, både på mengde og kvalitet, hospitering og eit tilbod til dei som vil noko meir med fotballen.

Stord J19 vart leia av Lars Larsen og John Kåre Eriksen. Ambisjonane til laget var å gi eit tilbod til dei spelarane som ville spele fotball, men som ikkje ville trene så mykje som det damelaget la opp til. Laget spelte sine kampar i jr. serien for Rogaland og plasseringa vart i nedre del av tabellen.

Stord J16 vart leia av Thomas Steensohn og Hans Jakob Skard. Desse to har følgt gruppa i mange år og gjort ein svært god innsats. Laget var i Dana Cup der dei kvalifiserte seg til 1/8 A-sluttspelet. I serien vann dei 2. divisjon. Gruppa har vore litt få, men med godt samspel mellom laga har ein fått til gode løysingar for alle partar.

Den største prestasjonen til Stord Fotball var det J15 laget som stod for. Dei vann den store internasjonale turneringa – Dana Cup i klasse 15 år. Stord og Sunnhordlandsfotballen har hatt lag i finalar i denne cupen før, men aldri har nokon av dei vunne denne turneringa. Øyvind Mellemstrand hadde ansvaret for laget under Dana Cup, medan Arve Havnerås, Sigve Hellesfjord, Lars Klingsheim med fleire har hatt ansvaret for laget i serie og resten av sesongen. Laget vann og vintercupen og serien (i 1 div. Rogaland). 9 av spelarane debuterte for damelaget og 7 av dei er flytta permanent opp i damelagstroppen.

Stord J14 har vore leia av Svein Ove Eikenes, Kjell Petter Neset, Tommy Holm, Nils Nilsen og Lars Gunnar Nilsen. Ein svært kompetent gjeng som har jobba godt med laget sitt både lagmessig og individuelt. Kombinasjonen av sosial- og sportslig profil har dei fått til på ein svært god måte. Laget har tatt store steg og er eit av dei beste J14 laga i Hordaland (2.plass i Hordaland). Sommarturneringa blei i år Norway Cup der dei kom til 1/8 dels finalen. Mange av spelarane tar stadig nye steg og fleire har vore fast inventar på sone og kretslag.

Stord J13 har vore leia av Jan Erik Stenberg, Rebecca Alsaker, Linda Ånonsen, Trude Valø med fleire. Denne gruppa har løfta jentene og fått dei til å utvikle seg svært positivt. Dei har vore tidleg med å prøve nye ting og overgangen til 9'er fotball gjekk svært bra. I 2017 blir det 11' fotball og dette kjem dei til å takle utan problem. Troppen har blitt delt opp i to lag og det har såleis blitt eit flott tilbod til alle. Eit av gruppa sine store bragder i 2016 var Adidas

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



cupen. Der kom dei heilt til kvartfinalen. Kampen vart spelt i Vinje og heile gruppa hadde ei flott helg der dei overnatta på hytter (Vågslid).

Som ein ser blir det spennande å følgje jentefotballen til Stord fotball framover. Her må ein berre fortsetje og forsterke det gode arbeid som blir lagt ned.

Gutane 13 – 19 år

Junior

Stord jr-1 hadde eit håp om å klare opprykk til 1. divisjon til sommarferien, men vårsesongen gav tap mot hhv Baune, Sædalens og Smørås. Sjølv om resten av kampane endte med siger vart resultatet etter endt vårpulje ein 3. plass og ingen opprykk. Juniorlaget har vore ung og laget har hovudsakleg hatt spelarar som har vore 1. års juniorar (født 1999). Laget fekk dermed spelt på seg sårt tiltrengt rutine i løpet av første halvdel.

I sommarferien deltok laget i Gothia Cup i 18 årsklassen. Nesten 100% av gruppa var 16 og 17 år. Heller ikkje der fekk ein full utteljing. Laget leverte sterke resultat i pulja og i spennande kamp mot TSC Altenholz frå Tyskland avanserte laget til a-sluttspel.

1999-generasjonen opplevde å ryke ut for fransk motstand i kvartfinalen i 2015.

Revansjelysta mot franskmenn var derfor stor då laget stilte i 32. delsfinal mot franske ES Eysines. Trass i speleovertak stakk franskmenna også dette året av med siger 0-1. På bakgrunn av kampbiletet var det ein skuffa stordgjeng som dermed fekk tidleg slutt i Gøteborg.

Haustdelen av sesongen i 2. divisjon gav ei utfordring i høve til at nokre sentrale spelarar skifta «beite» til nye klubbar. Dette var Magnus Skulstad (Solid), Mads Holm Nesi (Vadmyra) og Petter Holm Nesi (AGF Aarhus). I tillegg vart Malvin Ingebrigtsen, Jonas Hilt Stoknes og Moses Jarbee flytta opp i a-lagsgruppa. Det vart dermed eit litt «nytt» jr lag som stilte til haustsesongen. Det unge laget fekk til slutt ein 4. plass i divisjonen etter ein haustsesong med 4 sigrar, 1 uavgjort og 3 tap.

I løpet av året er det mange juniorspelarar som har teke store steg. Trenar Helge Røksund kunne også glede seg over ei flott avslutning då laget deltok i Storhallcup i Vedavåg i november månad. All motstand vart feia av banen og laget vann turneringa mot lag frå den nordre delen av Rogaland.

Stord jr-2 var eit gledeleg nytt tilbod i Stord Fotball sesongen 2016. Trenarane Kjell Petter Nesi, Bjørn Are Njøs og Knut J. Selsvold gav her eit «lågterskeltilbod» for dei som bare ville drive med fotball eit par gonger pr veke. Ei trening + kamp var målsetnaden å kunne tilby. Håpet var at eit slikt tilbod ville bringe tilbake spelarar som i utgangspunktet hadde slutta med fotball. Ideen slo til, mange meldte seg på og laget deltok i kretsserien 3. divisjon. Vårsesongen gav stor suksess med 2. plass på tabellen i ei lokal sunnhordlandspulje. Ei ny pulje i haustdelen med fleire gode bergenlag gav tøffare motstand og 6. plass av sju lag.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Gutelag 15 – 16 år

Stord har stilt to gutelag i guteserien i 2016 (gutar 15-16 år). Gutelaget fekk resultatmessig ein tøff vårsesong i 1. divisjon Hordaland. Laget kom sist på tabellen med bare ein siger, men under leiing av Helge Røksund tok laget store steg i riktig retning. Laget kom nærmare og nærmare 1. divisjonsnivået for kvar veke. John Heine Fadnes og Jan M. Haukefær har også teke trenaransvar på gutelaget i 2016. Som ledd i innsparingar klubben måtte gjennom vart trenar Røksund si stilling redusert etter sommarferien. Dette gav endringar i spelar- og trenarlogistikk som ikkje var optimal for gruppa. Haustsesongen vart prega av at spelargruppa vart splitta i treningssamanheng mellom junior og gutelag. Noko som nok ikkje gav optimalt grunnlag for gode resultat for alle. Mange på G16-1 fekk treningstilbodet i juniorgruppa. G16-1 leverte fleire svært gode kamper hausten 2016. Til slutt endte laget på ein fin 4. plass i 2. divisjon.

G16-2 fekk 5. plass av totalt ni lag i ei lokal 3. divisjonspulje i vårsesongen. I haustdelen endte laget på 6. plass.

Høgdepunktet for spelarane på begge lag vart nok sommarturneringa, Dana Cup i Hjørring (DK). Stord G16-1 fekk eit stygt tap for eit godt indisk lag (0-3), men leverte sine saker svært bra mot Klebe og Elverum 2. Laget fekk 2. plass i pulja og skulle møte Spydeberg i 32. delsfinales. Stord G16-1 spelte jamt med motstandaren, men måtte sjå seg slått ut av turneringa med 1-2 til slutt.

Stord G16-2 fekk det tøffare med tap i alle sine kamper (tre puljekamper og tap i 32. delsfinales i B-sluttspillet). For både 1. og 2. lag var det nok likevel andre ting enn sjølve resultata som var viktigast i ei slik turnering. Styrka samhald og gode opplevingar saman med lagkameratar vil gi minne for livet for heile gjengen.

Smågutar 14 år

Stord har i dette årskullet ein stor og ivrig spelargruppe på 26 gutter som har spelt saman i fleire år. Me ser tilbake på ein fin sesong kor laget har utvikla seg og mange av spelarane har vist stor framgang. Gjennom vinteren trente laget tre økter i veka både på Langeland og på Vikahaugane kunstgras. I tillegg var store deler av spelargruppa med på klubben sin talentskule. Denne inneber at mange av gutane har hatt fem treningsøkter i veka. I tillegg vil ein trekke fram at fleire av spelarane i gruppa har vore flinke med eigentrening.

Før sesongstart var smågutar 14-laget i 2016 på treningsleir til Bryne. Det ble ein fin tur både sportsleg og sosialt. Som oppkjøring til seriestart deltok me også i år med to lag i den tradisjonsrike Varegg Cup i Bergen. Her kom me til sluttspillet med både laga. I vårsesongen stilte me med to 11-er lag. Eitt lag i 1. divisjon i Hordaland og eitt lag i Rogaland/Sunnhordland. Første laget fekk ein tungt start med fleire klare tap. Ikkje minst streva laget mot fysisk sterke Bergenslag. Utover i vårsesongen opplevde me likevel at laget beit godt i frå seg og tok nivået meir og meir. Men laget rykka ned med minst mogleg margin. Vårt 2. lag hadde ein bra vårsesong og enda midt på tabellen. Gjennom våren deltok laget også i Adidas Cup. Her blei ein slått ut i innleiande rundar.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



I sommar valde laget å delta i Norway Cup. Det ble ein flott tur kor alle Stord-laga, både jenter og gutter, budde på same skule. Sportselg kom 1. laget seg vidare til A-sluttspillet der det blei siger i første runde før det blei eit knepet tap i runde to. 2. laget fekk ei heller tøff turnering og tapte alle sine kampar.

Haustsesongen blei ein flott opptur for både laga. 1. laget kjempa om topp-plasseringa heilt inn i si 2. divisjonspulje, men blei slått på målstreken i seriefinalen mot Sund frå Sotra. Vårt 2. lag hadde ein sterk haust og vann pulja si klart. Laget kvalifiserte seg såleis for kretsmeisterskapen på dette divisjonssteget. Der tapte laget for Sund etter ein tett og jamn kamp. På tampen av sesongen deltok 2. laget i Regy Cup i Haugesund, medan 1. laget deltok i Haugesund Sparebank cup. Både lag beit god i frå seg og viste at det bor mykje fin fotball i gruppa.

Smågutar 14 si lagleiing og trenrarar vil trekke fram at mange av gutane har ein stor treningsiver, og fleire av spelarane har vore med på sone- og kretssamlingar. I tillegg har nokre spelarar fått høve til å hospitere opp mot gutelaget. I tillegg har me sett vinstane med å rullere mellom laga. Dette gir inspirasjon og løft. Hovudtrenar for gruppa er Atle Nilsen i lag med Svein Ove Eikenes. Dei to har med seg Kjetil Hauge, Atle Heggøy, Per Martin Furevik og Einar Steinkopf. Flinke lagleiarar har vore Aina Jørgensen og Kjersti Klingsheim Høgås.

Smågutar 13 år

På 13 årstrinnet stilte Stord Fotball med heile tre lag dette året. Eit niarlag og eit 7 ar lag er fødde i 2013 og eitt niarlag bestod av 2004-spelarar som er blitt løfta opp på 13 årstrinnet for å få jamnbyrdig motstand.

Stord G13 sine 2003 modellar hadde 20 spelarar i troppen. Laga spelte i same lokale «Sunnhordlandserie» i vårsesongen. 9-er laget hamna rett over midten på tabellen, medan 7-er laget hamna nest sist.

Føre haustsesongen vart tabellen delt i to. 9-ar laget hamna i gruppe med laga på øvre halvdel. Dessverre vart det nokre endringar på gruppa for nedre halvdel, og lag som Odda kom inn i staden for svakare motstand. Dette resulterte i at 7-ar laget fekk det tøft og hamna sist i gruppa, til tross for rulling av spelarar til dette laget. 9-ar laget starta haustsesongen meget bra og låg lenge an til 2. plass i gruppa. Dessverre klarte ikkje laget å holde same kvalitet heilt til slutt og hamna til slutt på 4. plass.

Gruppa stilte med 2 jambyrdige lag i Grenland-cup i Porsgrunn i sommar. Gutane hadde ei fin turnering både sportsleg og sosialt, med semifinale i B-sluttspillet som beste prestasjon.

Svein G. Vik har trent laga sammen med Ivar Molvik og Bernt R. Mehammer.

Oppmann Vidar Aspen

Stord G2004 (gutar fødd i 2004) er eit knippe kjekke og ivrige fotballspelarar frå Leirvik- og Langelandsområdet. Om lag 25 spelarar i talet. Som nemnd over har mange av desse delteke i «ungdomsfotballen», dvs 13 årsserien. Denne gjengen har over fleire år synt mykje god innsats og framferd. Noko som også har gitt utslag i mange gode prestasjoner og resultat. Når 2016 sesongen var tilbakelagt, synte oppstellinga at laget hadde hatt akkuratt 100 fellestrenings. Dei aller fleste med veldig godt oppmøte. I seriespelet var denne gruppa i 2016 meld på med eitt lag i årsklassen for gutter 12 år (7'er fotball i eigen årsklasse), og eitt



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

lag i årsklassen for gutter 13 år (9'er fotball i årsklassen for dei som var eitt år eldre). Båe laga i puljer for Sunnhordland. Dette vart mellom anna gjort for å differensiere tilbodet til spelarane i gruppa. Alle spelarane spelte ein eller fleire kampar for laget i eigen årsklasse. 21 av gutane spelte ein eller fleire kampar for laget i årsklassen over.

Laget markerte seg godt i årsklassen for gutter 13 år. Dei kom på førsteplass i pulja som vart avslutta etter vårsesong. Først og fremst gjennom god innsats og godt spel. I pulja for haustsesongen (ein spissa versjon av pulje frå vårsesongen – dei seks beste laga) kom dei på andre plass.

Forutan seriespel, har laget også fått mykje «matching» i fleire turneringar. Me oppsummerer: Eat Move Sleep Cup, Voss Cup, Lysekloster Cup, Spar Haga Cup, og Regy Cup. Høgdepunktet her var nok Voss Cup siste helga i juni.

Stord Fotball har i dette kullet ein fin gjeng med mange kjekke og flinke fotballspelarar! Engasjerte trenarar for laget er Einar Bunes Valland og Johnny Raunholm

Representasjonsoppgåver

I løpet av 2016 har fleire gutter frå Stord Fotball representert klubben både på regionalt og nasjonalt nivå. Einar Iversen (f. 2001) vart for første gong teken ut til landslaget (G15) i april. I mai deltok han i ei turnering i Italia. Einar har også representert klubben både på krinslag og regionalsamling. Einar sitt talent er stort og ein storklubb som Everton gav Einar eit minnerikt treningsopphald i klubben. Petter Holm Næset (2000) vart teken ut til Statoil talentleir i 16-årklassen i sommar. I konkurransen med 100 andre spelarar vart han etter endt talentleir teken ut til å representere Noreg sitt «utfordrarlandsdag» i kamp mot Noreg sitt landslag i 16-årklassen i juni månad. Kort tid etter signerte Petter avtale med danske AGF Aarhus om spel i Danmark dei komande tre åra. Begge dei to har vore faste brikker på Hordaland sitt kretslag i 2016. Der har også Sindre Klingsheim Høgås vore representant for Stord Fotball på G14 kretslaget. Heilt i slutten av 2016 sesongen starta førebuing av ny kretslags-sesong. Ole Litlabø Eikenes og Eugen Stautland Hauge har begge kvalifisert seg for Hordaland sitt kretslag for 14 åringar i 2017 i løpet av hausten 2016.

Talentutvikling 2016

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Apply Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Teknikkskulen og Akademiet vart starta i 2014. Apply Leirvik Talentskule er eit tilbod for gutter (4. - 10. klasse) og jenter (5. - 10. klasse), Jenteløftet er eit treningsstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for gutter (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei SFO-ordning for gutter og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden som er satt for å drive eit slikt arbeid er at dette skal være eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag, og at det ikkje skal gå på bekostning av breiddetilbodet.

Apply Leirvik Talentskule har no vore i drift i 9 år. Erfaringa så langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Styret trur det er samspelet mellom

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



talentskulen og lagsarbeidet som er nøkkelen til suksessen. Apply Leirvik Talentskule hadde på hausten 2016 dobbelt (86) så mange elevar frå 6 klubbar som i 2008.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2016 12 elevar. Her må me jobbe med å rekruttere fleire. Tilbodet er godt likt av dei som har delteke sidan starten, og den sportslege utviklinga til elevane har vore god. Jentene vart i 2016 trena av spelarar frå herrane sitt A-lag. Robin Øvrevik har hatt hovudansvaret for Jenteløftet.

Teknikkskulen vart starta opp i september 2014, og er eit populært tilbod med god oppslutning. Det har vore mellom 23 -26 betalande deltakarar i 2016. Den sportslege utviklinga i 2016 har og vore god. Fleire av deltakarane har etter kvart blitt flytta «opp» til Talentskulen. Gutane vart i 2016 trena av spelarar frå herrane sitt A-lag. Robin Øvrevik har også hatt hovudansvaret for Teknikkskulen.

Akademiet kom i gang i februar 2014. Talet på elevar varierer gjennom året. I desember 2016 var det 41 elevar som gikk på Akademiet, fordelt på frå 5 dager i veka og ned til 1 dag i veka. Aktivitetane på Akademiet har hovudsak vore leia av Jon Andre Røyrane og Kari Pedersen, med Espen Haugland som ein viktig medhjelpar. A-lags spelarane Kato Vangen og Roger Ekeland har i 2016 vore med å sikre at Akademiet har hatt eit godt og trygt miljø. Akademiet jobber kontinuerleg med opptak av nye elevar. Gjennom god kvalitet, varierte aktivitetar og engasjerte vegleiarar er interessa for Stord Fotball sitt SFO - tilbod aukande. Akademiet sin årsplan er tilgjengeleg på Stord Fotball si heimesida.

Anlegg

Garderobebygg og klubbhus

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobeanlegg og klubbhus vert gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak og eigenkapital. Bygga har allereie vist seg å være ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane er satt litt «på vent». I 2016 er samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Det er eit mål at siste del av prosjektet på Vikahaugane vert fullført i 2017. Dette krev stor grad av eigeninnsats i form av dugnad.

Baneanlegg

Banekapasiteten til Stord Fotball er tilfredstillande med unnatak av Hystad området. Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein oversiktleg og rasjonell måte.

Oppgradering av Hystad banen vart tatt ut av Stord kommune sitt budsjettet for 2015, men var i langtidsbudsjettet utsett til 2018, og ytterlegare utsett i budsjettprosessen hausten 2016. Manglande oppgradering av banen avgrensar fotballaktiviteten på Hystad, og utøvarane som tidlegare var knytta til Stord Fotball har gradvis sokna meir og meir til Prestegårdskogen og Trott.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Kunstgrasbanen på Vikahaugane er den mest brukte banen i kommunen. Kunstgrasert vart lagt i 2003. Stord Fotball søkte i 2014 om tippemidlar for utskifting av kunstgraset, og har vore i nær dialog med Stord kommune både administrativt og politiske for å få gjennomført rehabiliteringsarbeidet. Oppgradering av banen vart fullfinansiert i Stord kommune sitt budsjett for 2016. Anleggsarbeidet med utskifting av kunstgraset, nytt lysanlegg og nytt ballfangarnett rundt heile banen vart utført i fotballferien slik at Stord Fotball til «Puttefestivalen 2016» hadde ein heilt «ny» kunstgrasbane på Vikahaugane. Stord Fotball takkar Stord kommune for eit målretta og konstruktivt samarbeid i realisering av prosjektet. Kunstgrasbanen på Vikahaugane står no fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2016. A-laget spelte alle sine heimekampar på Stadion.

Sjølv om banekapasiteten er vesentleg betra med nye baneanlegg på Ås og Langeland, og nytt kunstgras på Vikahaugane er me ikkje i mål. Hystadbanen er i dårleg forfatning, og treng fornying og utbetring. Dette har medført at Trott har teke Stord Fotball sin posisjon i området som soknar til Hystad skule når det gjeld barnefotballen. Grunngjevinga har vore at det er betre treningsforhold og kortare avstand til Prestegardsskogen og ved den nye ungdomsskulen i Nordbygda. Stord Fotball har historisk sett hatt ein sterk og god posisjon i Hystadområdet og har framleis som eit utvetydig mål å oppretthalde Hystad som satsingsområde for barnefotballen når banekvaliteten og banekapasiteten er betre på Hystad.

Styret meiner at 2016 har vore eit positivt år for anleggsida til Stord Fotball, sjølv om me har tatt på oss store og langsiktige økonomiske pliktar.

Økonomi

Rekneskapen for Stord Fotball i 2016 syner eit driftsresultat med eit underskot på kr 224 592. Ordinært resultat inklusive finanspostar viser eit underskot på kr 417 913. Eigenkapitalen er pr. 31.12.2016 redusert frå kr 418 149 til kr 235.

Budsjett for 2016 var i balanse med ei inntekt på 7,3 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2016 på 7,1 mill kr. Samla drifts- og kapitalkostnader var i 2016 7,5 mill kr. Eit negativt avvik på kr 200 000 i forhold til budsjetterte inntekter og kostnader som er kr 200 000 høgare enn budsjettet gir soleis eit negativt avvik på ca. kr 400 000 mellom budsjett og rekneskap.

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga utgjer kr 360 00. Styret har i 2016 arbeidet med refinansiering av låna knytt til garderobebygga utan å finne ei løysing. Styret arbeider vidare med mål om Stord Fotball i løpet av 2017 har oppnådd ei gunstigare finansiering enn i 2016.

Styret er uroa over at resultata i 2015 og 2016 ikkje har vore i samsvar med budsjett og medført at eigenkapitalen er nytta til dekning av underskot. Styret vil i 2017 setje i verk tiltak som sikrar eit positivt økonomisk resultat i 2017.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Styret legg fram eit budsjett for 2017 til årsmøte som balanserer med en inntekt på kr 7 000 000.

Styret viser elles til revidert rekneskap med noter.
KPMG er revisor for Stord Fotball i 2016.

Dommarar

Dommarsituasjonen i Stord Fotball er ikkje tilfredsstillande. 14 åringane vert pålagt å ta klubbdommarkurs, mellom anna for å dømme på puttefestivalen og i seriespelet for 5 år og 7 år fotballen. Alle lag i denne aldersgruppa vert tildelt ein fast dommar gjennom sesongen. Det er vanskeleg å få desse dommarane til å gå vidare og ta rekrutteringsdommarkurs. Det må gjerast eit grundig arbeid med rekruttering av dommarar i tida som kjem. Årsakene er nok fleire. Tilbakemeldinga frå borna er at det vert for lange avstandar når dei skal dei dømma kampar i 11 år serien, og at dømminga tek for mykje tid med tanke på at dei fleste også er aktive fotballspelarar.

Stord Fotball har inngått samarbeid med Solid om å arrangera dommarsamlingar annakvar månad, og vil i 2017 prøve å etablere eit eiga prosjekt for å betre dommarsituasjonen.

Kurs og utdanning

Trenere i Stord Fotball får tilbod om kurs gjennom e-post og på heimesida til Stord Fotball. Det er også informert om kurs og mogleg vidareutdanning i trenerforum og lagleiarmøter. Me har hatt ei auke i deltakarar på kurs i 2016.

I løpet av hausten vart det gjennomført følgjande kurs:

UEFA B-lisens

- 1 deltarar

Grasrottrenaren (tidlegare UEFA C-lisens)

- 4 deltarar

Stord Fotball har som målsetjing at flest mogleg av klubben sine trenrarar skal ha ein eller fleire deler av Grasrottrenaren (C-lisensen). Arbeidet med å tilby kurs vil vere tema på alle lagleiarmøter og trenerforum i 2017. Det er også ei målsetjing at fleire skal ta UEFA B-lisens i 2017.

Det vil også vere tilbod om Førstehjelpskurs for trenrarar og lagleiarar i 2017.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Stord Fotball har dei siste to åra hatt økonomisk resultat som ikkje svarar til dei måla klubben har sett seg. Årsakene er samansett og varierar frå år til år. Stord Fotball skal i 2017 ha spesielt fokus på tiltak som betrar det økonomiske situasjonen i klubben, og sikrar ei berekraftig utvikling av klubben. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt ferdiggjering av klubbhuset i andre etasje i garderobebygget. Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjering om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå. Styret vonar at ein i løpet av 2017 har «restarta» arbeidet med «Kvalitetsklubbprosjektet».

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvane og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ønskjer eit opent og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2016, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane.

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette i Stord Fotball med innsatsen i 2016. Me ser alle fram til ein spanande fotballsesong i 2017.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Minneord Henning Iversen

På nyttårsaften mottok me den triste meldinga om at Henning Iversen var gått bort. Stord Fotball takker Henning for den formidable jobben han har gjort for fotballspelarane i alle aldersgrupper i ein heil generasjon. Han er djupt samna med sin lune, inkluderande og trygge måte å møte sine medmenneske på. Me vil arbeide vidare med Henning sitt motto «ingen bredde utan topp – ingen topp utan bredde».

Me lyser fred over Henning sitt minne.

Stord 25.02.2017

A handwritten signature in black ink.

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

A handwritten signature in black ink.

Trond Eirik Nielsen
Nestleiar

A handwritten signature in black ink.

Åge Adland
Styremedlem

A handwritten signature in black ink.

Egil Sandvik
Styremedlem

A handwritten signature in black ink.

Yngve Hjelmeland
Styremedlem

A handwritten signature in black ink.

Kjersti Klingsheim Høgas

Styremedlem

A handwritten signature in black ink.

Holger Iversen
Varamedlem

A handwritten signature in black ink.

Inge Skaar
Varamedlem



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Blant sportslege prestasjonar i sesongen så er det spesielt Stian Rykkje som har gjort seg bemerkta. Han hadde flotte resultat både på Hovedløpet, Fjord-O og O-idol. Blant den eldre garde så bør det nemnast at me hadde NM deltaking av Bjarthe og Kenneth, dei stilte i NM natt og fekk fine plasseringar med 26. og 35. plass. Flott innsats også av Kenneth i Fjord-O der han vant H45 samanlagt. Fleire resultat finn ein under avsnittet "Sportslege resultat".

I sesongen 2016 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Henrik Ottesen
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem rekruttering	: Sveinung Rykkje
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Irinja Almås
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	: Åge Hovden og Sveinung Rykkje
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingførar	: Henrik Ottesen
Rekruttering:	: Sveinung Rykkje og Gunn Kjersti Røgenes
Turorientering	: Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	: Jarle Halland og Linda Rykkje
Valnemnd	: Jarle Halland, Tove Agdestein

Arrangement

Stord Orientering har avvikla følgjande løp i 2016-sesongen:

Kretsløp:

Kristtornløpet og KM sprint

Lokalløp:

10 rankingløp, 5 sprintløp/nybyrjarkaruselløp, Sunnhordlandsmeisterskap stafett, 4 gateløp, 3 nattløp og Romjulsløpet.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

I gjennomsnitt har det vore 44 deltagarar på rankingløpa, med flest på 1. og 3. rankingløp der det var 63 deltagarar. Diverre ser me ein trend med gradvis færre deltagarar på rankingløpa utover i sesongen.

På sprintløp har det vore i gjennomsnitt 37 deltagarar, med flest på 1.løp der det var 54 deltagarar.

Vinterløp har også blitt gjennomført, som gatesprint og nattløp.

Stord orientering var også representert på Finn Fram-dagen i samband med Friluftsfestivalen på Litlabø. Me stilte med ei enkel o-løype og labyrinth orientering. Spesielt labyrinth orientering var populært og me hadde stor aktivitet heile dagen. Tilsaman hadde me 60-70 ungar som var og prøvde seg og fekk Finn Fram premie.

Deltaking Sunnhordlandsrankingen 1994-2016

Løp. nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56
2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	58	42	35	32	40			45

Løypeoversikt for 2016 sesongen												Gj. snitt	Ulike løparar
Lang	21	14	23	11	13	16	17	16	10	12		15	31
Kort	21	17	26	18	13	22	21	13	15	16		18	47
Kor.c	11	7	7	2	4	8	3	4	4	8		6	21
Nyb.	10	3	7	5	6	12	1	2	3	4		5	29
Tot.	63	41	63	36	36	58	42	35	32	40		45	128
Arr.	Fitjar	Onarheim	Stord	Stord	Sveio	Stord	Stord	Stord	Stord	Stord			



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Sprint løp 2016	1.sprintløp	2. sprintløp	3.sprintløp	4.sprintløp	5.sprintløp	Gj.snitt
Sprint	36	27	23	19	20	25
Nyb.	18	11	11	14	4	12
Total	54	38	34	33	24	37

Ungdom og rekrutt

Treningar

O-skulen på Leirvik skule hadde stabilt rundt 10 deltagarar på våren og rundt 12 på hausten. Aldersgruppa er mellom 8 og 16år. Denne aktiviteten starta september 2012 og held på frå o-sesongen sluttar på hausten, til ny sesong startar opp i april. Her er det o-tekniske økter kvar gang. Gruppa deles ofte i to for utvikling på ulike nivå. Trenarar har vert Råmund, Marit, Ingrid, Stian, Sveinung og Gunn-Kjersti.

Nytt for haust 2016 og utover har vert eit utvida tilbod i forhold til tidlegare år. o-gubben på måndagar, gate/nattløp annakvar tysdag, o-skule på torsdagar ute og inne i gamlehallen, og annakvar veke o-tekniske laurdagstreningar. Me har treningskalender med innlagt litt kos som frukt, bollar og julekaker på enkelte treningar.

Måndagar har ikkje dei yngste stilt opp, tysdagar og torsdagar har det vert i gjennomsnitt rundt 14stk på treningar/løp og laurdagar rundt 4-5.



Rekruttering

Me har heldt Nybyrkjarkurs 3.april på yrkesskulen, før sesongstart og 27.september på Vikahaugane sportssenter då o-skulen starta. Av deltagarane er det blitt to ny medlemmer.

Finn fram dagen

29.mai var det finn-fram dag på Vaskeriplanet på Litlabø med mange potensielle o-løparar innom i blant anna labyrinth-orientering.

Samlingar og satsingsløp i henhold til tiltaksplan

17.april etter **Kristornløpa** hadde me pizza-samling med Fitjar si o-gruppe på Yrkesskulen. Det var rundt 20 personer totalt. Quiz og sosialt.

Det var **HOK-treningssamling** 12-20+ på MIF-hytta ved Konnerud etter o-festivalen. Her var Stian og Jens K frå Fitjar med.

Me skulle ha **o-troll leir** på Lundarstølen 11.-12.jun saman med Fitjar IL, men hytte var ikkje ledig, så me utsette denne til samling i forbindelse med Møllesprinten 10.september. Der var det var løp og o-bingo på Fitjar og påfølgande Pizzasamling i fleirbruksallen. På søndagen var det o-sløyfer med

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

fellesstart på Lundarstølen og deretter pølsegrilling. Samlinga inkluderte Odda si o-gruppe og det var rundt 30 deltagarar og 10 løparar frå oss.

6.-10.aug. **Hovedløp og O-landsleir** er «Årets høgdepunkt» for 14-16.åringar. I år var dette ved Konnerud og me hadde med Annie, Martin og Stian. Dei reiste og overnatta med HOK. I 2017 vert dette arrangementet på Beitostølen.

20.-21.aug. var me på **Odda 2-dagers/ Vestlandsmeisterskap** med overnatting på Lontjønnhytta saman med Fitjar. Her vart det som vanleg felles grilling på kvelden.

19-20.nov var det **HOK-ungdomssamling** 13-16år på Frekhaug. Her var det berre Annie som reiste.

Turorientering

2016 vart eit rekord år for tur orientering på Stord! Det vart seld 507 konvoluttar totalt for begge «travane» i år, fordelt på Storatraven 297 stk og Litlatraven 210 stk. Dette er rekordsal for begge to og naturlegvis totalt. Årets målsetting med sal over 500 posar vart nådd! Travane hadde totalt 90 postar å plukka, 30 stk i Litlatraven og 60 stk i Storatraven, postane var tilgjengelige i terrenget frå midten av mars til 31. august. Karta i år for Storatraven var Vatnadalen/Vad, Heio og Landåsen. For Litlatraven var det Landåsen og Grov.

«Tur-o på nett» registrering er populært og 218 personar nyttar seg av dette i 2016 Totalt 73 personar tok alle postane i Storatraven, 60 personar i Litlatraven. Det var 33 personar som tok alle 90 postane.

Mange hadde registrert seg i postkassane for månadens post og kvar «månadens post» vinnar fekk gavekort på kr. 300,-. 254 personar hadde registrert seg ein eller fleire gonger på månadens post, av dei var det 21 stk som hadde vore på alle 5 månadens post. Vinnaren i år vart Ernst Ove Notland som fekk gavekort på kr. 1000,-.

Storatraven vart avvikla for 45. gong og Litlatraven for 4. gong.

Statistikk tur orientering	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Selde tur-o posar						
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297
Litlatraven (2013)			150	185	175	210
Totalt begge	213	277	438	463	419	507
Personar :						
Tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218
Alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73
Alle postar Litlatraven			42	44	55	60
Registrerte på månadens post			296	188	213	254



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Kart

Resten av Landåsen området er synfart og teikna av innleigd personell Gunnar Gytri. Samme mann har gått i gong med 'Økland-Kyvik' terrenget. Her er omlag 60 % ferdig.

Åge Hovden har ajourført nye hogstfelt i området Hauglandskvedno-Haugland, Området Vad-Rongarebekken, Området Hundsåsen-Haugland og ved Førlandskrysset både nord og aust om E39, Området Stuva-Økland.

Råmund Løver Hovden har starta opp synfaring og OCAD teikning av området Almåsskogen. Sveinung Rykkje har arbeida vidare med gatekart i området Leirvik - Kårevik.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god men i år har me brukt av oppspart kapital til oppgradering av kart. Det var lagt inn i budsjettet å bruke 265 000,- av oppsparte midlar til kart i 2016. Av dette vart det brukt 208 000,- Grasrotandelen i 2016 var på 138 850,21, dette var litt lavare enn det som var lagt inn i budsjettet. Av andre litt større avvik mellom budsjett og resultat kan nemnast:

-Kontoen 3441 andre tilskudd blei noko lavare, dette skuldast i hovedsak mindre utstyrssrefusjon grunna mindre innkjøp av utstyr.

-Kontoen 3444 MVA refusjon blei også noko lavare, dette skuldast lavare totale driftskostnader.

-Når det gjeld inntektssida så hadde me også noko mindre inntekt frå startkontingent på Kristtornløpa.

-På utgiftsposten 6540 Materiell og utstyr så blei også kostnader for trykking av O-info og tur-O ført det viser difor ikkje utgifter på disse postane. Det blei likevel brukt mindre enn budsjettet på denne posten.

-Det er også noko lavare reisekostnader enn budsjettet.

Når det gjeld utgifter med kart så har me satt i gang søknadsprosess for å få tilskot til Landåskartet og 'Økland-Kyvik' terrenget som me jobbar med.

Sportslege resultat

Gneist 2- dagars: 7. Stian Rykke i H15-16, 6. Sveinung Rykkje H40, 3. Ingolf Dypvik H70.

KM sprint: 2. plass Stian Rykke i H16-18, 6. Magnus Aarbø, 11. Ivan Krutikov, 17. Jørgen Westerheim. Annie Myhre 4.plass i D13-15. H19: 11. Jarle Haugland, 15. Håkon Rykkje, 20. Ingvar Rafdal

Pinseløp Kongsberg: Edel Slettemark nr. 7. og 3. i D65, Ingolf Dypvik nr. 4. og 8. i H75, Steinar Slettemark 20. i H70.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2016 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Jukola

Damelaget blei nummer 384 og herrelaget nummer 382.



O-festivalen. Sprint: Stian Rykkje 19.plass i H16, Sveinung Rykkje nr. 29 i H45. Langdistanse: Stian Rykkje 33.plass i H16, Henrik Ottesen 44.plass i H45, Sveinung Rykkje nr.59 H45. Mellom: Henrik Ottesen nr.35 i H45, Sveinung Rykkje 41. plass H45.

Fjord-O vest 2016: Stian Rykkje 1.plass totalt i H16, Kenneth Westerheim 1.plass totalt H45, Linda Rykkje 5.plass totalt i D17AK, Sveinung Rykkje 5.plass totalt H45, Ingolf Dypvik 7.plass H75. Jørgen Westerheim 5.plass H13-16C. Tonje Rykkje, Sindre Løver Hovden, Råmund Løver Hovden, Åge Hovden, Anne Løver, Steinar Slettemark, Edel Slettemark og Lars Helge Westerheim deltok også.

Hovudløp: Sprint: Stian Rykkje 16.plass H16 , Annie Myhre, 61. D15, Martin Stautland 39. H14. Lang: Stian Rykkje 13.plass H16, Annie Myhre 55. D15.

Odda 2-dagars/Vestlands mesterskap: H21: Bjarthe Westerheim 3.plass, Kenneth Westerheim 8.plass, H40: Sveinung Rykkje 4.plass, Henrik Ottesen 13.plass, H16: Stian Rykkje 2.plass, D17AK Linda Rykkje 2.plass, H14: Jørgen Westerheim 15.plass, D50: Anne Løver 7.plass, H60 Åge Hovden 7.plass. Stafett: Stord O-lag 3. og 13.plass i H21, 3.plass i H156 klasse,

KM mellom (Rogaland) : H17 Bjarthe Westerheim 3.plass, Henrik Ottesen 16.plass, H14 Jørgen Westerheim 8.plass, H70 Ingolf Dypvik 6.plass.

KM mellom (Hordaland): Stian Rykkje 2.plass H16, Sveinung Rykkje H17 9.plass, Linda Rykkje 11.plass, Annie Myhre 6.plass D16

NM natt. H21: Bjarthe Westerheim 26.plass, Kenneth Westerheim 35.plass

O-idol. H16 Stian Rykkje 7. plass, Linda Rykkje 24.plass D21, Kenneth Westerheim 44.plass H21

Styret



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

Stord Symjeklubb
Årsmelding



ÅRSMELDING

STORD SYMJEKLUBB - 2016

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



INNHOLDSFORTEGNELSE

Innholdsfortegnelse

Styret	1
Rapport fra styreleder:	2
Stemner i 2016	3
Sportslege resultat	4
Trenarar i klubben	6
Oppmannfunksjonen	7
Sosiale arrangement	8
Treningsleirane	9
Oppstartsleir Strandebar. 26-28/08-2016.	9
Treningsleir Torremolinos hausten 08- 15/10-2016.	9
Rekruttering	10
Tidtakaranlegget/utstyr	11



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2016

Styret

Styret 2016 har bestått av;

- Ralf Teetzmann - Leiar
- Vanja Storetvedt - Nestleiar med ansvar for symjeskulen og symjeaksjonen
- Jostein Weiby - Kasserer
- Iren Valvik - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Leif Magne Malme - Styremedlem og oppmann
- Kjetil Bjelland Johannessen - Styremedlem
- Ronny Onarheim - Styremedlem med ansvar for det tekniske
- Maren Thoresen Malme - Utøvarrepresentant i styret
- Gro Østrem og Åge Solheim - Varamedlem til styret

Styret har fra forrige årsmøte avholdt 8 styremøter.

ÅRSMELDING 2016

Rapport frå styreleder:

- Symjeklubben har jobba med etablering av strukturer og kome langt på veg i dette arbeidet.
- Medlemsregister vart etablert i april.
- Facebookgruppe (lukka gruppe) vart oppretta og formidlar informasjon på en rask og god måte.
- Handboka vart oppdatert og var tilgjengelig frå november.
- Heimeside har fått ei oppfrisking og gir en del nødvendig informasjon.

Me har hatt ei flott sportslig utvikling i 2016, og ser fram til betre rekruttering av trenarar i 2017. Det er veldig godt oppmøte på treningane og stemne. Dette har bydd på utfordringar, men gjennom ei auke av eigenandel til stemne og restriksjonar på deltaking på kostbare stemne, har me kontroll på økonomien. I 2016 har me hatt inntekter på 1.067.000 kroner og utgifter på nesten likt nivå. Den totale rekneskapen viser eit underskot på 9.623 kroner, noko som er veldig gledelig med omsyn på at klubben då fremdeles har eigenkapital over 500.000 kroner. Resultatet må og sjåast i lys av dei store utfordringane klubben hadde med stengt symjehall i fem månadar, noko som førte til meirutgifter (reisekostnader til Husnes og Aksdal – total berekna til rundt 40.000 kroner for angitt tidsrom) Det var også god hjelp og innsats av føresette ifbm transport. I tillegg fekk me hjelp av nabosvømmeklubbane (Trio, Haugesund svømmeklubb, Karmøy svømmeklubb), som stilte treningstid gratis til disposisjon.

Klubben har på noverande tidspunkt veldig mange utøvarar som er villige og ivrige på treningane og som har ført til at satsingsparti, aspirantparti og mellomparti er fylt godt opp. Det kan føra til nye utfordringar med omsyn på vidare rekruttering. Klubben får gjennom symjeskulen, etter kvart tilført fleire unge utøvarar, som har bra grunnlag for vidare trening.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2016

Stemner i 2016

Aproberte stemner

Dato	Stemne
09.01-10.01	Haugaland Kraft Open
16.01-17.01	(LÅMØ Kvalik)
29.01-31.01	Skagerak Swim
05.02-07.02	LÅMØ Vest
20.02-21.02	All Maritim vintercup
09.04-10.04	Sandnes Sprinten
16.04-17.04	HA-Open
21.05-22.05	Arnasprinten
27.05-29.05	Bergen Swim Festival
10.06-12.06	Stavanger Open
26.08-28.08	Oppstartsleir Strandebar
10.09-12.09	Araber Swim 2016
24.09-25.09	Sparebank1 - SR Bank Cup
02.10	Bryne Åpent
08.10-15.10 - Haustferie Treningsleir	
22.10-23.10	Kvaerner Cup Stord
29.10-30.10	AdO cup
04.11-06.11	Nordsjøstevnet
17.11-20.11	NM/UM junior 2016
18.11-20.11	KSSK Open Klepp
03.12-04.12	Nordialog Cup

Uaproblete stemner

Me var ikkje med på reine uapproblete stemne i 2016

Internstemner

06.03.2016	Internstevne Kulturhuset
16.10.2016	Internstevne Kulturhuset
17.12.2016	Basarstevne Kulturhuset

God deltaking frå dei minste partia i symjeklubben.

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2016

Sportslege resultat

10 på topp - beste poengsum i 2016-sesongen:

Rank	Navn	Født	Distanse	Tid	Poeng	Dato	Sted	B.	D
1	Maren Thoresen Malme	1998	100m bryst	1.14,70	581	04.11.2016	Stavanger	25	
2	Anna Kjøpstad Rimmereide	2000	100m bryst	1.18,05	510	04.11.2016	Stavanger	25	
3	Simon Teetzmann	2002	50m fri	25,66	492	04.11.2016	Stavanger	25	
4	Nora Visnes	2003	50m bryst	37,45	454	06.11.2016	Stavanger	25	
5	Lena Bloch	2001	200m rygg	2.37,23	436	19.11.2016	Klepp	25	
6	Frida Storetvedt Husebø	2002	100m bryst	1.23,57	415	03.12.2016	Slåtthaughallen	25	
7	Sondre Fjeldstad	2002	50m butterfly	30,32	404	27.05.2016	Bergen	50	
8	Elin Moe Ese	2000	200m bryst	3.03,81	392	22.10.2016	Stord	25	
9	Vebjørn Fjeldstad	2002	50m fri	28,09	375	04.12.2016	Slåtthaughallen	25	
10	Iver Thoresen Malme	2001	50m fri	28,68	352	20.11.2016	Klepp	25	

Skagerak Swim: Simon Teetzmann vart nr. 6 i finalen på 50m fri med tida 27.76. Vebjørn Fjeldstad vart nr. 6 i finalen på 50m rygg med tida 34.54. Sondre Fjeldstad vart nr. 7 i finalen på 50m rygg med tida 34.70.

Maren Thoresen Malme vart nr. 12 på 200m bryst under Jr. NM med tida 2.42.88, nr. 16 på 100m bryst med tida 1.15.21 og nr. 18 på 50m bryst med tida 34.58.

Stord deltok med 6 symjarar under Nordsjøstevnet 2016: Sondre og Vebjørn Fjeldstad, Maren Thoresen Malme, Anna Rimmereide, Simon Teetzmann og Nora Visnes. Her gjorde Simon Teetzmann det best med 1. plass på 50m fri med tida 25.66, som då var bestetida i Noreg i hans årsklasse. Han fekk og 4. plass på 50m rygg med tida 30.58 (6. beste tida i hans årsklasse i Noreg). Maren Thoresen Malme gjorde gode løp på 200m bryst (nr. 4) med tida 2.41.99 (pers) og nr. 7 på 100m bryst med tida 1.14.70 (pers).

I mai vart Stord Kulturhus stengd og klubben måtte reisa rundt i bassenga i nærområdet for å trenar. Trass i slike forhold var symjarane svært motiverte og trente godt. Styret ved formann gjorde ein kjempejobb for å organisera treningane. Gjennom sommaren vart det gjennomført tre tabata basistrening -økter i veka, eit tiltak som gjorde klubben både samansveisa og førebudde til haustsesongen.

Bergen Swim Festival, Stavanger Open og Nordsjøstemnet var dei viktigaste stemna utanom Jr. NM i AdO-arena. I tillegg til desse var LÅMØ-Vest eit satsingsstemne.

Symjarane i alle grupper har vist god framgang, og konkurrancesymjarane våre har hatt veldig fin framgang sportsleg med mange personlege rekordar.

Resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2016

Me har også delt ut milepælspremier til symjarar som har oppnådd tider etter kriterier gjennom sesongen 2016

Krav jenter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.25.00
100m fri	1.30.00	1.15.00	1.05.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.15.00
50m butterfly	46.00	38.00	33.00

Krav gutter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.20.00
100m fri	1.30.00	1.12.00	1.00.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.12.00
50m butterfly	46.00	38.00	30.00



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2016

Trenarar i klubben

Trenarar:

Måndag:

Mellom: Ronny Onarheim
Satsing: Geir Inge Rimmereide og Pål Helland

Tysdag:

Minste 1: Christel Hollund (vikar Jan Kåre Fjeldstad, Pål Helland)
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad

Onsdag:

Mellom: Conny Bloch
Satsing: Pål Helland

Torsdag:

Minste 2: Øyvind Løken
Minste 3: Johanne Thoresen Malme
Satsing: Pål Helland

Fredag:

Mellom: Conny Bloch og Torfinn Tønnesen
Satsing: Geir Inge Rimmereide

Laurdag:

Elite: Eigentrening (Conny Bloch)

Søndag

Satsing: Conny Bloch

ÅRSMELDING 2016

Oppmannfunksjonen

Få liste over alle stevne frå hovudtrenar kvar halvår. Dette skal brukast til å laga budsjett til alle stevne (reiser, overnatting m.m). Dette blir då vidare framlagt i styret.

- Planlegga og tinga reiser med overnatting og utforma foreldreinformasjon.
- Samla inn bilag o.l.
 - Laga reiserekning for kvart stevne
 - Oppdatera budsjett og rekneskap (Styrer utifrå vedtatt budsjett)
- Organisera og tinga treningsleir for hausten og oppstartsleiren.



ÅRSMELDING 2016

Sosiale arrangement

- Stord symjeklubb har gjennomført tre internstemne i året 2016.
- Sommaravslutning med sosialt samvære på idrettsstova.
- Julestemne med basar på Hystad skule og utdeling av milepælspremier.
- Sosialkomite har hatt bowling og pizzakveld med mellompartiet.
- Satsingsgruppa reiste til Kongeparken i juni 2016.

ÅRSMELDING 2016

Treningsleirane

OPPSTARTSLEIR STRANDEBARM. 26-28/08-2016.

- Me var i stålbassenget i Strandebarm idrettspark.
- Budde på Strandebarm Sportell rett attmed, med god mat og romsleg innkvartering. Her var det også tilgang til gymsal, som vart brukt til alternativ trening.
- 33 symjarar og 10 trenrarar / leiarar. Deltakarar frå mellomparti og satsing.
- Alle fekk trena hardt og hadde stort utbytte av helga.



TRENINGSLEIR TORREMOLINOS HAUSTEN 08- 15/10-2016.

- 19 symjarar og 5 leiarar/trenrarar og 7 «turistar» reiste til Spania på treningsleir .
- Bustad var Hotell Marconfort Griego med fullpensjon.
- 2 x 2 timar treningar kvar dag i eit topp 50m utandørs basseng.
- Det var stor innsats av alle med fokus på mengdetrening, med hovudtrenar Pål Helland og trenar Geir Inge Rimmereide.
- Det var også litt tid til strandliv, shopping og sightseeing.

ÅRSMELDING 2016

Rekruttering

Symjeklubben har arrangert symjeskule. Dei som har delteke her og ynskjer å gå vidare til minsteparti vert prioritert framføre andre born som står på ventelisten. Me har gjennomført kurs på våren og hausten med 4 grupper, totalt kursplasser var cirka 80 i 2016.

Svømmeaksjonen var også gjennomført i haustferien for 30 deltakarar.

Generelt bør me rekruttera fleire born til symjetreninga. Me har i løpet av året utvikla symjarar som bør få tilbod på eit aspirantparti. Klubben bør rekruttera fleire trenrarar, slik at alle symjarane på dei ulike nivåa får eit godt tilbod.





SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2016

Tidtakaranlegg/utstyr

Tidtakaranlegget fungerer fint og har blitt nytta ved internstemner og ved Kværner Swim cup.

I tillegg har me kjøpt inn speil (4 stk botnspeil) til teknikktraining og en elektronisk startklokke.

Ansvarleg for tidtakaranlegget er Ronny Onarheim.



Stord Symjeklubb
Årsmelding





Stord HK

Årsberetning for 2016



- Styrets beretning
- Balanse
- Noteopplysninger
- Kontrollkomitéens beretning
- Resultatregnskap
- Kontantstrømsanalyse
- Revisjonsberetning
- Budsjett 2017



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.4 - ÅRSMELDING STORD HANDBALL ELITE



Stord HK

Stord Handball Elite

Organisasjonsnummer 996 974 340

Styrets beretning 2016

I. Virksomheten

Stord HK har som formål å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, ved samarbeid og kameratskap å fremme håndball, på alle nivå, og skape et godt miljø for alle medlemmer. Klubben er selveiende og i allianse med Stord Idrettslag, med utelukkende personlige medlemmer. Stord HK spiller hjemmekampene i Vikahaugane Stord Sportssenter, hvor klubbens kontorlokaler også er lokalisert.

All omsetning knyttet til håndballproduktet som eksempelvis salg av kampbilletter, markedsavtaler og alle øvrige kamprelaterte produkter selges i klubbens regi.

Sesongen 2016 ble på mange måter en generasjonsendring og ny start, der ingen av de tidligere eliteserieprofilene til klubben var med videre. Spillere som i en årrekke hadde preget laget, les: Jesper Traberg, Ingemar Olsson og Morten Christensen. Det var i så henseende knyttet stor spenning til lagets muligheter i for å etablere seg i 1. divisjon. I forkant av sesongen ble det valgt å holde en lokalpreget profil på laget, samt at det skulle hentes en 1-2 spiller som skulle styre laget utenfra. Inn kom Dadi Gautason, Simon Pilgaard, Michael Michelsen, Øystein Midtun, Marco Ellebæk og Anders Krognes Gjevik. Samt unge spillere fra egne rekker som Lars Tømmervik og Tarje Tvedten. I tillegg til de tidligere nevnte er også Marius Rimmereide og Joakim Lunde tilknyttet A-stallen. Samt en gammel traver som endelig har blitt satset på, Nicholas Spratt. Vedkommende kan også smykke seg med en svært lovende trener karriere i Stord Håndball, der han blant annet skryter over å ha trent lagets styreleder i ung alder. I innmarsjen til sesongstarten var styrets målsetting at laget skulle holde seg i 1. divisjon, noe som med årsskifte ser utfordrende ut, men med en positiv avslutning før jul med sier mot Sandefjord, ble det igjen knyttet håp til at laget var på rett kurs.

Økonomi er alltid en viktig faktor som det har vært fokusert mye på. Ryddighet i det økonomiske er nødvendig for å prestere på banen over tid. Å ha styring på økonomien har de siste år blitt sett på som den viktigste faktoren for videre eksistens. Det har vært avgjørende for styret at det sportslige i minst mulig grad skulle påvirkes negativt av de stramme og nødvendige økonomiske disposisjonene gjennom sesongen. Stord HK har store sportslige ambisjoner, også med tanke på våre stolte tradisjoner som eliteserieklubb. Derfor er styret lite fornøyd med årets sportslige resultat så langt i sesongen.

Næringsliv på Stord har den siste perioden vært inne i store omveltninger og det gjøres nødvendige kutt på bunnlinjen og da er sponsorat ofte en naturlig kutt faktor. En slik omveltning er noe klubben følgelig forventer vil få påvirkning for driften av klubben, samtidig som Klubben har forståelse og respekt for situasjonen mange bedrifter i dag befinner seg i. Vi er overbeviste om at reduserte budsjetter til tross, så er det mulig å skape gode sportslige resultater – og målet om å hevde seg i toppen av norsk håndball lever fremdeles i beste velgående. Det kreves hardt og målbevisst arbeid over tid for å oppnå dette, og styret er bevisst på balansegangen i denne problemstillingen i styrearbeidet.

Gjennom den tøffe perioden i 2015 ble det knyttet et tettere samarbeid mellom Stord HK og håndballgruppen i Stord IL enn hva tidligere år kunne skimte med. Samarbeidet har også dette året blomstret, selv om styrene enda ikke har nådd målsettingen om felles styremøte. I tillegg er det sportslige samarbeidet velfungerende, blant annet gjennom tilrettelegging av arrangement for barn og unge i form av håndballskoler. Styret ønsker å rette en takk til

SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.4 - ÅRSMELDING STORD HANDBALL ELITE



styret i håndballgruppen til Stord IL for samarbeidet i sesongen som har vært og for det tette samarbeidet i den tøffe tiden vi har vært gjennom.

Klubben er pliktig å ha tjenestepensjonsordning. Det er opprettet avtale som oppfyller lovens krav. Det er i 2016 avholdt ni styremøter etter sist årsmøte. I tillegg er det gjennomført flere arbeidsmøter i forbindelse med arrangement, dugnader, økonomi etc.

Den daglige driften av klubbens kontor ble vesentlig redusert når tidligere dagligleder Bjørn Lindgård valgte og tre inn i ny stilling i Stord IL. I så henseende ansatte klubben Ann-Helen Hareid som fra dag en har gjort en fremdragende jobb på kontoret. Vi er takknemlige og ydmyke for jobben og innsatsen Ann-Helen legger ned for Klubben.

2. Sportslig utvikling

Med et ungt lag med fremtiden fremfor seg, var det knyttet stor spenning til hvordan spillerne ville takle presset et lag som rykker ned automatisk legges under. Etter en skuffende 2015/2016-sesong, trenger publikummet på Vikahaugane noen oppløftende opplevelser i 2016/2017. Det som har vært gledelig i en sportsligsett dårlig start på sesongen er ansvaret de lokale talentene har tatt når de har fått prøvde seg på parketten.

Styret er svært tilfreds med den store bruken av unge lokale spillere. Styret legger seg ikke opp i laguttak, men er opptatt av at vi i handling viser at vi gir de unge spillerne muligheten og satser på dem.

Trenerapparatet rundt A-laget besto av Jonas Sjølin og Rune Skjærvald. Ann-Helen Hareide er oppmann for laget, og Lisa Nyhammer er klubbens Kiropraktor.



Klubben har i tillegg et B-lag i 2. divisjon, som i år har vært preget av svært unge spillere, samt noen som har kommet inn fra Miljøgruppen til tidligere dagligleder, Bjørn Lindgård. Laget har hatt som vane og preget de fleste kamper, men i år har laget møtt tøffere motstand, samtidig som laget nok er svakere enn på svært lenge. Bakgrunnen og rasjonale bak dette, er følgelig at 1. divisjonslaget bærer preg av unge lokale spillere.

Oppmenn for laget var Ann Karin Grubbe, som skal berømmes for innsatsen i sesongen som har vært.

Styret ønsker å rette en stor takk til samtlige spillere, lagledere og øvrig sportslige støtteapparat på alle nivåer i klubben for innsatsen i sesongen som har vært.



SIL ÅRSRAPPORT 2016

SAK 6.2.4 - ÅRSMELDING STORD HANDBALL ELITE

3. Økonomi

Håndballen i Norge er i en situasjon der økonomien preges av ustabile inntekter som følge av at produktet er uferdig. Soliditeten til de fleste klubbene er svak, noe som også er tilfellet for Stord HK. Med et underskudd på 1,7 MNOK i 2015, har 2016 vært en tøff periode for klubben, der til tider svak likviditet har vært tyngende

Det vil i tiden fremover bli nødvendig med flere kostnadskutt, samtidig som et økt inntektsgrunnlag må utarbeides av klubbens styre. Det lokale sponsormarkedet bærer preg av at olje og gassnæringen i Norge er i kraftig nedgang, samt er det liten støtte å få fra et forbund som ikke helt vet hva de vil med klubbhåndballen i Norge. Forbundet oppleves til tider som et damplokomotiv som durer på uten helt mål og mening. Det er således ingen grunn til at klubben skal endre fokus på økonomistyring. Det er tross alt stabile økonomiske resultater som er den viktigste kontinuitetsfaktoren for klubben. Kostnadssiden må det arbeides kontinuerlig med for å holde under kontroll. I tillegg søkes inntektene økt gjennom hardt arbeid og gode relasjoner med samarbeidspartnere.

Kommende år må fortsatt fokus på både kostnader og inntekter gjøre at egenkapitalen styrkes og likviditeten bedres. Nødvendige retningslinjer må pålegges administrasjonen fra styret slik at grunnlaget for økonomien i klubben kan utvikles på en sunn og troverdig måte. Det budsjetteres i 2017 med et resultatbudsjett som går i null.

Kombinasjonen av sportslig langsiktig satsing og de tøffe markedsforholdene klubben opererer i, vil de kommende årene forventes å ligge på tilsvarende nivå. En eventuell vekst kan muligens oppnås hovedsakelig innenfor økt dugnadsinnsats. Alle eventuelle økninger av kostnadssiden i den økonomiske planleggingen skal være basert på forventinger om vekst i den totale inntektssiden.

Klubbens økonomi er slik at forutsetningene om fortsatt drift er til stede. Styret mener årsregnskapet gir en rettvise oversikt over utviklingen og resultatet av virksomheten og dens stilling.

4. Redegjørelse om årsregnskapet

Etter styrets oppfatning gir fremlagte resultatregnskap og balanse med tilhørende noter fyllestgjørende informasjon om driften og om stillingen ved årsskiftet. Styret kjenner ikke til forhold av viktighet for å bedømme klubbens stilling og resultat som ikke fremgår av resultatregnskapet og balansen. Det har etter styrets syn ikke inntruffet vesentlige hendelser etter balansedagen som har betydning for årsregnskapet. Forutsetningen om fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeidelsen av årsregnskapet, og det bekreftes at denne forutsetningen er til stede.

Årets resultat for klubben ble positivt med NOK 719 859 og resultatet tillegges klubbens egenkapital. Klubbens egenkapital er negativ pålydende NOK 370 736 ved årsslutt. Styret mener årsresultatet gir et rettvise bilde av klubben Stord HKs eiendeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

5. Stord-patrioter

